

Noregs miljø- og  
biowitenskapelige  
universitet

**Masteroppgåve 2020 30 stp**  
Fakultetet for miljøvitenskap og naturforvaltning (MINA)

# **Trengs det ei reguleringsordning for guidar i det naturbaserte reiseliv i Noreg? – ei kvalitativ innhaldsanalyse av argument *for* og *imot* regulering av guida tenester**

Is there a need for further regulation of the guides in nature-based tourism in Norway? – a qualitative content analysis of arguments *for* and *against* further regulations of nature guides

Sara Nonås Langhelle  
Naturbasert reiseliv

0

## SAMANDRAG

---

Denne masteroppgåva tar sikte på å undersøkja om det trengs ei reguleringsordning for guidar i naturbasert reiseliv i Noreg – eller ikkje. For å gje svar på problemstillinga blei det nyttta ei kvalitativ innhaldsanalyse for å avdekkja argument for eller imot regulering. Argumenta og haldningane har vidare blitt analysert i lys av det teoretiske rammeverket som blant anna inneheld operasjonalisering av omgrepa regulering og naturbasert reiseliv. Studien skildrar historiske linjer knytt til regulering, inkludert noverande juridiske rammer. Kvifor ein leiger guide, kva eigenskapar ein guide burde ha og korleis guiden kan skapa gode opplevingar er alle viktige faktorar i det vidare analysearbeidet.

Den kvalitative innhaldsanalysen avdekkja fem kategoriar med argument *for* ei reguleringsordning; sikkerheit, useriøse aktørar, kvalitet, berekraftige arbeidsforhold og øvrige tema. Det blei òg avdekkja tre kategoriar med argument *imot* ei reguleringsordning; sikkerheit, allemannsretten og øvrige tema. Analysearbeidet byggjer på kronikkar, lesar- og debattinnlegg frå aviser og magasin frå og med år 2009. Tema i debatten dreier seg om «profesjonskamp til fjells», men i ein utvida kontekst med fokus på opplevingsbransjen. Resultata blir presentert med utdrag frå tekstane, og plassert i ein større kontekst i lys av problemstillinga og det teoretiske rammeverket.

Denne studien syner at det trengs ei reguleringsordning for guidar i det naturbaserte reiseliv i Noreg, når det gjeld kategorien «kvalitet». Tal frå Innovasjon Noreg (2018) viser at kvalitet og pris på produkt i opplevingsbransjen ikkje samsvarer. Studien viser til at kvalitet er det argumentet med sterkest forankring, både når det gjeld innhald i argument og forankring i det teoretiske rammeverket. Studien viser at for å oppnå kvalitet på eit produkt eller ei teneste, slik som ein guida tur, må dei andre kategoriane vera tilfredsstillande. Det vil sei at sikkerheita må vera ivaretatt, dei useriøse aktørane må lukast vekk, det må leggjast til rette for berekraftige arbeidsforhold og kanskje allemannsretten (i enkelte situasjonar og tilfelle) må utfordrast for å halde tritt med den generelle samfunnsutviklinga – Gesellschaft (Tordsson, 2010). Det vil sei at den aktuelle debatten ikkje er ei over-problematisering.

## ABSTRACT

---

The aim of this thesis is to examine if there is a need for further regulation of guides in nature-based tourism in Norway. To answer this question, I used a qualitative content analysis to expose arguments *for* or *against* regulations. The arguments and its content were analysed with the theoretical framework in mind, which contains operationalization of the concepts of regulation and nature-based tourism. This study portrays historical lines about regulations, including todays legal framework. Why people choose to rent a guided experience, which personal characteristics the guide should have and how they could facilitate a good experience are important factors in the further analysis.

The content analysis contributed to reveal five categories of attitudes towards further regulation of the guide: safety, “cowboys”, quality, sustainable working conditions and other. It also revealed three categories of attitudes against further regulation of the guide: safety, “the freedom to roam” and other. The sample consists of texts from newspapers which includes chronicles, debate and articles. The debate is originally based on “who could do what in the Norwegian mountain”, but in this case the debate is expanded focusing on the adventure industry. The results of this study are presented with excerpts from the articles placed in a bigger context and discussed by using the theoretical framework.

This study reveals that there is a need of further regulations due to nature guides in nature-based tourism in Norway when it comes to the category’s “quality”. Numbers from Innovation Norway (2018) shows that quality and price, when it comes to products in the adventure industry, does not correspond. The results of this study points out that quality is the argument with the strongest attachments to the theoretical framework. To achieve a high-quality product the other categories should be fulfilled, which means that the safety of the costumers should be safeguarded, “cowboys” should be taken care of and there should be facilitated sustainable working conditions among the guides. “The freedom to roam” must be challenged (in some cases), to keep up with the general development of the society – which refers to Gesellschaft (Tordsson, 2010). This means that the current debate about regulations of mountain guides is a valid discussion.

## FORORD

---

Våren 2020 fullfører eg mitt masterarbeid i naturbasert reiseliv ved Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet (NMBU). To år på Ås gjekk rykande fort, sjølv om eg sakna fjorden og fjella. Studiet har gjeve meg tru på at tverrfagleg kunnskap mellom reiseliv, naturforvaltning og planleggingsfag er nøkkelen til suksess. Då eg starta mitt mastergradsarbeid var naturbasert reiseliv ei næring i kraftig vekst, og Noreg rekna med nok ein rekordsumar i antall besøkande. Lite visste vi kva som var i vente.

Fyrst ynskjer eg å takka hovudrettleiar Peter Fredman for både faglege innspel og motiverande ord under ein krevjande vår. Frå start har du vist ein ro og orden som smittar og som har gjeve meg tru på prosjektet. Eg ynskjer òg å takka familien, som alle har bidrege og delt frå eigne erfaringar frå turar i inn og utland – både med og utan guide. Vi har hatt mange gode diskusjonar rundt middagsbordet. Fleire har lest gjennom studien og bidrege med kommentarar og gjennomlesing av korrektur.



Norges miljø- og  
biotenskapelige  
universitet

Sara Nonås Langhelle, Langhelle, 25.mai 2020.

# INNHALDSLITE

---

<b>SAMANDRAG .....</b>	1
<b>ABSTRACT .....</b>	2
<b>FORORD .....</b>	3
<b>1. INNLEIING .....</b>	6
<b>1.1 PROBLEMSTILLING.....</b>	8
<b>1.2 OPERASJONALISERING AV OMGREP .....</b>	9
1.2.1 Reiselivsnæringa og opplevingsbransjen .....	9
1.2.2 Naturbasert reiseliv.....	10
1.2.3 Reguleringsordning og sertifisering .....	11
<b>2. TEORI.....</b>	13
<b>2.1 Regulering av opplevingsbransjen.....</b>	13
2.1.1 Regulering av opplevingsbransjen – eit tilbakeblikk.....	13
2.1.2 Gemeinschaft og Gesellschaft.....	14
2.1.3 Reguleringsendringar på veg .....	15
<b>2.2 Gjeldande lovverk .....</b>	18
2.2.1 Produktkontloven og Internkontrollforskriften.....	18
2.2.2 Dødsulykker og juridiske konsekvensar .....	19
<b>2.3 Guiden si rolle.....</b>	21
2.3.1 Å guida dei gode opplevelingane.....	21
2.3.2 Megatrender som påverkar motivasjonen for å leia guide .....	24
2.3.3 Kunden sitt syn på guiden sin rolle.....	25
<b>3. METODE.....</b>	27
<b>3.1 Kvalitativ innhaltsanalyse .....</b>	27
<b>3.2 Førebuing til datainnsamlinga .....</b>	28
3.2.1 Presisering av tema og utval av tekstar .....	29
<b>3.3 Gjennomføring .....</b>	30
<b>3.4 Metodekritikk.....</b>	31
3.4.1 Reliabilitet .....	31
3.4.2 Validitet.....	32
<b>4. RESULTAT.....</b>	33
<b>4.1 Argument for ei reguleringsordning for guidar i NBR .....</b>	33
4.1.1 Kategori 1: Useriøse aktørar i opplevingsbransjen .....	34
4.1.2 Kategori 2: Sikkerheit i naturbasert reiseliv.....	35

4.1.3 Kategori 3: Kvalitet på produkt i opplevingsbransjen .....	37
4.1.4 Kategori 4: Berekraftige arbeidsforhold for guidar i opplevingsbransjen .....	39
4.1.5 Kategori 5: Øvrige tema .....	41
<b>4.2 Argument <i>imot</i> ei reguleringsordning for guidar i NBR .....</b>	<b>42</b>
4.2.1 Kategori 1: Sikkerheit i opplevingsbransjen.....	43
4.2.2 Kategori 2: Utdanning i allemannsrettens ånd .....	44
4.2.3 Kategori 3: Øvrige tema .....	45
<b>5. DISKUSJON.....</b>	<b>47</b>
<b>5.1 Argument <i>for</i> ei reguleringsordning for guidar i NBR .....</b>	<b>47</b>
5.1.1 Kategori 1: Cowboyar og digitale løysingar skapar utfordringar .....	47
5.1.2 Kategori 2: Er sikkerheita i naturbasert reiseliv god nok? .....	48
5.1.3 Kategori 3: Kvalitet og pris på produkt og tenester samsvarar ikkje .....	50
5.1.4 Kategori 4: Eit berekraftig reiseliv krev berekraftige arbeidsforhold .....	51
5.1.5 Kategori 5: Øvrige tema .....	53
<b>5.2 Argument <i>imot</i> ei reguleringsordning for guidar i NBR .....</b>	<b>54</b>
5.2.1 Kategori 1: Sikkerheita i naturbasert reiseliv er tilfredsstillande.....	54
5.2.2 Kategori 2: Utdanning i «allemannsrettens ånd» .....	55
5.2.3 Kategori 3: Øvrige tema .....	56
<b>6. KONKLUSJON .....</b>	<b>58</b>
<b>7. REFERANSAR.....</b>	<b>61</b>
<b>8. FIGURLISTE.....</b>	<b>67</b>
<b>9. VEDLEGG .....</b>	<b>68</b>
<b>9.1 Vedlegg 1:</b> Presentasjon av argumenta for regulering.....	68
<b>9.2 Vedlegg 2:</b> Presentasjon av argument imot regulering .....	71
<b>9.3 Vedlegg 3:</b> Kjelder innhaltsanalysen .....	73

## 1. INNLEIING

---

Naturbasert reiseliv (NBR) er ei av verdas raskast veksande næringar (Fredman, 2017., Fredman og Tyrväinen, 2010., Margaryan, 2016). I somme tilfelle blir reiseliv omtala som ei næringa som skal overta etter olja. Dei seinare åra har Noreg merka ei auke i antall overnattingar og i løpet av 2019 blei det registrert 110, 5 millionar gjestedøger (Innovasjon Norge, 2019). Noreg har ein unik mogelegheit til å leggja til rette for gode opplevingar, dersom ein forvaltar mogelegheita på riktig måte. Til tross for at etterspurnaden av opplevingar aukar (Menon Business Economics, 2014), syner tal frå rapporten «nøkkeltal for norsk turisme 2018» at pris og kvalitet på produkt og opplevingar ikkje står i samanheng (Innovasjon Norge, 2018., Eide, 2016). Kundane er stadig på jakt etter autentiske opplevingar og ynskjer valuta for pengane (Elmahdy et. al., 2017., Curtin og Kragh, 2014). Difor har eg funne det interessant å sjå på om det trengs ei reguleringsordning for guidar i naturbasert reiseliv i Noreg. I fyrsteomgang fordi guiden har ein unik mogelegheit til å fasilitera og påverka «den gode opplevinga» i samhandling med andre gjestar og naturmiljøet ein oppheldt seg i (Mossberg, 2007). For det andre er spørsmålet heilt legitimt då det har gått føre seg ein debatt kring «profesjonskamp til fjells» som har blitt belyst i fleire masteroppgåver dei seinare åra (Aarhus, 2012., Dahl, 2010., Eikje, 2015., og Grav, 2010). Debatten har i stor grad dreia seg om kven som har kompetanse til å gjera kva. Debatten er aktuell då vi ser at fleire samfunnsstrukturelle endringar påverkar våre friluftslivs- og reisevanar. Befolkinga veks, vi oppnår høgare levealder og fleire bur i byane. Megatrendar i reiselivet peikar på at vi har meir pengar å bruke på fritida vår (Elmahdy, Fredman og Haukeland, 2017, s. 21-29). Den demografiske utviklinga gjev reiselivsnæringa både mogelegheiter og utfordringar. Ein av desse faktorane omhandlar kunnskap, og ein ser at kunnskap vi tidlegare hadde om å ferdast i naturen er på veg til å visna vekk. Frå gamalt av blei kunnskap formidla gjennom generasjonar. Sjølve læringa går føre seg på fleire arena, før gjennom primærrelasjonane, og seinare gjennom andre basisinstitusjonar (Grimen, 2004, s. 40). I dag er det meir vanleg å kjøpe seg kunnskap eller opplevingar i form av guida turar eller kurs (Elmahdy et. al., 2017).

Teknologiske løysingar er nemleg ein anna megatrend Elmahdy et. al. (2017, s. 33) trekk fram, og her kan verksemder og guidar formidla sine tenester på ein smidigare måte. I reiselivssamanheng kjenner ein til applikasjonane Airbnb, Uber og BiaTon. Sistnemnde, som er ein applikasjon for kjøp og sal av tenester (blant anna guida turar), har vore gjenstand for frustrasjon då somme meiner det blir «for enkelt» å selja guida tenester utan å nødvendigvis ha den «rette» kompetansen. Ein rask framvekst av ein bransje kan føra med seg enkelte «happy-seekers» som ynskjer å tena raske pengar (Solheim, 2014). Opplevingsbransjen har difor vore på tå-hev når det gjeld diskusjonar kring reguleringsordningar knytt til naturbasert reiseliv og guida opplevelingar. Eit behov for stadig strengare regulering og kontroll er ein anna samfunnsstrukturell endring, med blant anna høgare krav til lærarutdanning, sertifiseringsordningar for norsk matproduksjon eller krav til klimavenleg transport. Tradisjonelt har Noreg vore tilbakehalden med reguleringsforslag knytt til naturbasert reiseliv. Signala frå regjeringa har heile vegen vore at «bransjen sjølv» må rydda opp og koma til løysingar (Stortinget, 2017). Når det gjeld opplevingsbransjen har «allemannsretten» og «tur etter evne» trumfa argumenta om manglande sikkerheit. Trass signala frå regjeringa blei «forskrift om sikkerhet ved rafting, 1994» innført etter fleire ulykker i Noreg på 90-talet. Saman med sportsdykking finst det berre nokre få særtilfelle med eigne bestemmingar, dersom ein ser vekk i frå dei generelle bestemmingane i Lov om produktkontroll (1976) og Internkontrollforskriften (1996). No ser det likevel ut til at det er endringar på veg i form av statlege reguleringar knytt til blant anna turistfiske (Nærings – og fiskeridepartementet, 2020) og kvalsafari (Nærings- og fiskeridepartementet, 2019). Sjølv om endringane i liten grad dreier seg om guiden sin kompetanse direkte, ser ein likevel tendensar på at regulering i somme tilfelle kan bli aktuelt.

Denne studien ser nærmere på om det trengs ei reguleringsordning for guidar i naturbasert reiseliv i Noreg. Målet har vore å avdekkja argument for eller imot ei reguleringsordning, for å sjå på kva som kjenneteiknar innhaldet i argumenta. På denne måten ynskjer eg å setja lys på ein aktuell debatt som har vore studert fleire gongar, men i dette tilfelle «med nye briller». I staden for å sjå på «kven som kan gjera kva» vil studien sjå på om argumenta eller haldningane i den nemnde debatten er legitime i lys av det teoretiske rammeverket. På bakgrunn av dette har eg kome fram til fylgjande problemstilling;

## 1.1 PROBLEMSTILLING

---

### ***Trengs det ei reguleringsordning for guidar i det naturbaserte reiseliv i Noreg?***

Problemstillinga har grobotn i ein langvarig debatt kring regulering av opplevingsbransjen i Noreg. Den sentrale delen av studien dreier seg om haldningar knytt til *regulering* av guidar i Noreg. For å finne svar på problemstillinga har eg kome fram til tre forskingsspørsmål som skal bidra med å underbyggja problemstillinga og gje den ei tydelegare forankring;

1. *Kva argument talar for og kva argument talar imot ei reguleringsordning for guidar i det naturbaserte reiseliv i Noreg?*
2. *Kva kjenneteiknar innhaldet i dei ulike argumenta?*
3. *Er den pågåande diskusjonen kring reguleringsendringar for guidar i NBR i Noreg ei over-problematisering?*

Forskingsspørsmål 1. har som mål å identifisera og kartleggja alle argument som har ein haldning knytt til regulering av guidar i naturbasert reiseliv i Noreg. For å identifisera argumenta har eg gjennomført ei kvalitativ innhaldsanalyse av artiklar, debattinnlegg og kronikkar. Forskingsspørsmål 2. skal undersøkja kva som kjenneteiknar innhaldet av argumenta. Dette har eg gjort ved å kategorisera innhaldet i argumenta og analysert dei i lys av teori. I fyrsteomgang har eg nytta meg av nokre historiske linjer retta mot regulering av opplevingsbransjen. For å sjå på om innhaldet i argumenta har teoretisk forankring har eg lagt fram teori om kva eigenskapar kundane ynskjer at guiden skal ha, samd om motivasjonen bak å leiga ein guide. Til sist har eg sett på kva «reguleringerar» som ligg til grunn i dagens situasjon i tråd med aktuelt lovverk. Forskingsspørsmål 3. er meint å samle trådane til sist. Ved å sjå på om kategoriane eg har utforma og innhaldet i argumenta i lys av teori, vil eg kapittelet «konklusjon» gje svar på om debatten er ei «over-problematisering» eller ikkje.

## 1.2 OPERASJONALISERING AV OMGREP

---

### 1.2.1 Reiselivsnæringa og opplevingsbransjen

I fyrsteomgang blir *næringer* definert av Statistisk sentralbyrå som «*alle lokale bransjeenheter (virksomheter) som utøver samme eller lignende aktivitet, utgjør en næring*» (SSB, 2014). I all sin kortheit kan difor reiselivsnæringa definerast på fylgjande måte; «*reiselivsnæringen omfatter alle virksomheter som selger varer og tjenester til folk som er på reise*» (Rosland, 2018). Sjølv om denne avklaringa verkar å være enkel og forståeleg er ikkje definisjonane nødvendigvis så generelle. Det er dei reisande sin aktivitet som blir måla, og ikkje dei verksemde som blir omtala. Ifylgje rapporten «*Verdiskapingsanalyse av reiselivsnæringen i Norge – utvikling og fremtidspotensial*» er det kundane sin aktivitet som blir måla (Menon Business Economics, 2014). Aktiviteten vil betyr i denne samanhengen «å reisa» - noko som definerer reiselivsnæringa. Verksemder som tilbyr tenester til dei reisande blir definert som ei felles næring på bakgrunn av deira komplimentære roller. Dette heng saman med at dei reisande har grunnleggjande behov som overnatting, transport eller servering. Då snakkar ein om ulike bransjar, og dette tema skal eg sjå nærare på i neste avsnitt.

Reiselivsnæringa består av ulike bransjar og «opplevingsbransjen» er den delen av næringa som vekst raskast (Menon Business Economics, 2014). Sjølv omgrepet «bransje» blir brukt ved fleire anledningar, eksempelvis ved at «bransjen sjølv ynskjer strengare regulering». I fyrsteomgang er det difor relevant å sjå på kva som definerer ein bransje; I vid forstand kan ein bransje vera eit felt innanfor ein bestemt næring, basert på kva produkt eller teneste ein tilbyr (Løite, 2018). Når det er snakk om reiselivsnæringa viser ein til fem hovudbransjar som går igjen, og desse er lista opp i den nemnde rapporten frå Menon Business Economics (2014, s. 3); Oppleving-, servering-, transport-, overnatting- og formidlingsbransjen utgjer dei fem hovudbransjane i reiselivsnæringa. Eg har i denne studien vald å avgrensa oppgåva til å dreia seg om «opplevingsbransjen». Frå tilbydarsida vil det sei verksemder som sel sumar- og vinteraktivitetar, samt kulturopplevingar (Menon Business Economics, 2014, s. 4-5). Opplevingsbransjen blir rekna som variert og fungerer som eit bindeledd mellom kultur- og naturbaserte aktivitetar. Dette kan omfatta verksemder innan opera og ballett eller i form av guida turar i fjellet, havfiske eller kajakkturar (Menon Business Economics, 2014, s.

8). Korleis verksemda eller guiden kan leggja til rette for gode opplevingar skal eg koma tilbake til i teorikapittelet. Det er i hovudsak dei naturbaserte aktivitetane eg rettar fokuset mot, sjølv om aktivitetane ofte inneber ein kombinasjon av natur- og kulturinnslag. Vidare i oppgåva har eg difor vald å avgrensa opplevingsbransjen med fokus på *naturbasert reiseliv*.

### 1.2.2 Naturbasert reiseliv

Ein sentral del av problemstillinga tek føre seg guidar i *naturbasert reiseliv* i Noreg, og difor er det viktig å gjera greie for kva som ligg i omgrepene. Dei siste tiåra har det vore diskutert i kva grad det finst ein allmenn akseptert definisjon. Det finst eit brent utval av ulike definisjonar og eg har tatt utgangspunkt i ein definisjon henta frå Fredman, Reinius og Lundberg (2009, s. 24); «*Naturturism omfattar människors aktiviteter när de vistas i naturområden utanför sin vanliga omgivning*». Denne definisjonen er rekna for å vera brei nok til å kunne gjera eigne avgrensingar ved behov. Sjølv om «naturturism» i fyrsteomgang blir rekna som ein underkategori av den generelle tolkinga av turisme, har det blitt utarbeida ein definisjon av den naturbaserte reiselivsnæringa; «*Naturturistnäringen är ett samlingsbegrepp som utgörs av summan av de verksamheter i olika branscher som är riktade till och konsumeras av naturturister* (Fredman et al., 2009., s. 25). Denne definisjonen samsvarar med dei utgreiingane som er lagt fram ved operasjonalisering av "opphevingsbransjen". Fredman et al (2009) har nytta omgrepet «naturturism», medan Stensland et al., (2018, s. 14) har omsett omgrepet til «naturbasert reiseliv». Den norske versjonen er difor fylgjande; «*Naturbasert reiseliv omfatter menneskers aktiviteter når de besøker naturområder utenfor sine vanlige omgivelser*». Vidare i studien er det denne definisjonen eg tek utgangspunkt i når eg omtalar naturbasert reiseliv.

I rapporten av Fredman et al (2009, s. 24/25) føl det med vidare presisering av definisjonen; med aktivitet så meiner ein aktivitet utandørs, slik som fottur eller sykkeltur. Det kan like langt vera snakk om handlingar, slik som matlaging eller å nyte naturens ro. Når det kjem til «vanlege omgjevnader» vil det innebera dagsturar minst 10 mil frå der du bur, men opphaldet kan ikkje være lengre enn eit år. Fredman et al (2009, s. 17) peikar på at denne terminologien er henta frå den svenske definisjonen av «turisme». Definisjonen byggjer på World Tourism Organization (UNWTO) sin definisjon av turisme som inneber ein avklaring

kring avstand og tid (UNWTO, 2001, s. 36). Den Svenske definisjonen er utvikla av Tillväxtverket (Fredman et al, 2009, s. 17).

### 1.2.3 Reguleringsordning og sertifisering

Ein sentral del av problemstillinga omhandlar regulering og ei reguleringsordning for guidar i naturbasert reiseliv i Noreg. Det er avgjerande å avklara kva som ligg i omgrepet regulering, for å vidare kunne sjå på kva omgrepet sertifisering står for. I all sin kortheit kan regulering definerast på fylgjande måte; «*Å regulere betyr å kontrollere eller styre ved hjelp av lover eller regler*» (Persvold, 2019). I dette tilfelle er det guiden si rolle som skal kontrollerast eller styrast, med andre ord *kompetansen* til guiden i ein gitt aktivitet, og kvar guiden har kompetanse til å utøva aktiviteten. Denne kontrollen skal ifylgje definisjonen over skje i form av lovar eller reglar. I Noreg er det Stortinget som vedtar lovane våre, medan regjeringa kan utarbeide reglar i form av forskrifter basert på Stortinget sitt vedtak (Tordsson, 2010, s. 229). Andre reglar som ikkje er rettsleg bindande kan vera utforma på lokalt nivå av den enkelte kommune eller av verksemda guiden er tilsett i. Ein slik *regel* kan eksempelvis vera at i særleg utsette område kan kommunen gje løyve til ei bestemd verksemd som kan utføra sine guida turar. I sjølve verksemda kan dagleg leiari avgjere at dei tilsette er naud til å oppfylle bestemde krav for å bli vurdert som eigna til stillinga.

På ei anna side kan regulering og bety å justera eller å tilpassa noko (Persvold, 2019). Omgrep som «justera» og «tilpassa» kan i fyrsteomgang sjå ut som ein mildare form for regulering, samanlikna med lovar og reglar. Justeringane kan ifylgje Sandøy (2018) bli gjennomført fordi ein ynskjer å retta opp feil eller at noko ikkje fungerer som det skal. Slike formar for regulering ser ein dersom det skjer ei auke i ulykker innan ein bransje eller ein bestemt aktivitet. Eit konkret eksempel er frå 1994, då «forskrift om sikkerheit ved rafting» blei vedtatt. Bakrunnen for vedtaket var fleire dødsulykker under rafting i Noreg på starten av 90-talet. Eksempla eg har kome med viser at det finst mange ulike metodar ein kan nyitta for å regulera (i dette tilfellet; ein guide). På bakgrunn av dette har eg kome fram til omgrepet «reguleringsordning» som eit samleomgrep for dei mange metodane ein kan nyitta for å gjera regulerande grep. Sertifisering er ein av ordningane, og i argumentasjonen seinare i oppgåva er sertifisering som metode nemnd fleire gongar.

Nokre av artiklane eg har kome fram til i innhaldsanalysen framhevar argument som peikar i ei retning mot sertifiseringsordninga. På bakgrunn av problemstillinga er det snakk om sertifisering av den tilsette guiden, og ikkje mellom anna miljøsertifisering.

Reguleringsordning er som kjend den overordna metoden, medan sertifisering då blir eit regulerande grep ein kan gjera. Dei seinare åra har mange bedrifter og utdanningsinstitusjonar innan friluftsliv og naturbasert reiseliv sett mot olje- og energisektoren då det kjem til krav om sikkerheit . Bedrifter er pålagd etter lova om internkontroll å utarbeide ein helse-, miljø- og sikkerheitsplan (HMS). Dei skal sikre at tilsette har tilstrekkeleg med kunnskap og ferdigheiter knytt til dette arbeidet (Internkontrollforskriften, 1996, §5). Sertifisering er eit av tiltaka for å sikre at tilsette har tilstrekkeleg med kunnskap. Under har verksemda «Soft-sertifisering», som rettar seg mot opplæring av arbeidarar i olje- og energisektoren, utarbeida ein definisjon; *«En sertifisering refererer til en bekreftelse for et objekt, person eller organisasjon. Denne bekrefelsen er ofte, men ikke alltid, som en form for ekstern evaluering, opplæring eller vurdering»* (SOFT-sertifisering AS, u.å). Definisjonen viser at personen må gå gjennom ein prosess, anten i form av opplæring eller vurdering, for å bli evaluert og godkjend (for å kunne utføra klatre- og sikringstiltak på ein rigg i Nordsjøen).

I samanheng med utdanning av guidar i naturbasert reiseliv har Senosk (sitert i Priest og Gass, 2018) definert sertifisering som *“a process guaranteeing that certain minimum standards of competency had been met or exceeded by an outdoor leadership candidate as evaluated by a certifying agency”*. I fyrsteomgang peikar Senosk på at sertifisering i seg sjølv er ein prosess. Det vil sei at varigheita kan vera frå nokre timer til fleire dagar. Ein slik prosess skal garantera at kandidaten har minimumskunnskapen som er krevja, altså, det er snakk om eit tillitsforhold (Power, 1997, s. 123). Kandidaten blir vidare vurdert av ein kontrollperson, og sit til slutt igjen med eit sertifikat. Det fysiske sertifikatet kan vera ein logo å festa på jakka eller eit bevis ein kan leggja fram i papirform. I mange tilfelle må sertifikatet fornyast eller oppdaterast i løpet av ein viss periode.

## 2. TEORI

---

### 2.1 Regulering av opplevingsbransjen

#### 2.1.1 Regulering av opplevingsbransjen – eit tilbakeblikk

I denne delen har eg plukka ut nokre hendingar som har spela ei viktig rolle for debatten kring ei reguleringsordning for guidar i det naturbaserte reiseliv. Tema kunne vore gjenstand for ei eiga masteroppgåve, og eg vil difor gjera greie for utviklinga i korte trekk. Då er det naudsynt å starte med nasjonalromantikken og turismen sitt inntog i Noreg. På midten av 1800-talet kom dei første turistane til Noreg. I fyrsteomgang kunstnarar og landmålarar, vitskapsmenn og laksefiskarar. På denne tida var det ifylgje Eikje, Horgen og Arnegård (2017) fjell- og fiskarbøndene som hadde leiande roller i fjellet. Kvardagslandskapet blei etter kvart ein arena for fritidssyslar for eliten (Tordsson, 2010, s. 134). Horgen (1999, s. 125) syner oss at ei organisering av guidar (då kjend som vegvisar) gjekk føre seg i 1927, men organiseringa fekk berre grobotn i lokale retningslinjer. Den aukande turismen til landet, kombinert med eit nytt syn på naturen, førte til at det blei etablert fleire organisasjonar knytt til (det vi i dag kjenner for) friluftslivet. På slutten av 1800-talet blei fleire kjende organisasjonar stifta; Den norske turistforening i 1886 (DNT, u.å., a), Norges Jeger og Fiskerforbund i 1871 (NJFF, 2019) og ei norsk Røde-Kors foreining (Røde Kors, u.å.). I kjølevatnet av auka merksemد på organisasjonsverksemد og stadig fleire turistar, sette DNT i gong ein prosess om å oppretta «patentførarvesenet». Initiativet og tilhøyrande regelverk blei ifylgje Eikje et. al., (2017) vedtatt 17. mars 1890. Den gong blei det henta inspirasjon frå Alpelanda, som tidleg hadde oppretta førarvesen (Eikje et. al., 2017). Dei norske patentførarane skulle rettleia turistar over vanskelege fjellovergangar, eller bidra med sin lokalkunnskap på krevjande tindestigningar (DNT, u.å., a). Nokre år seinare blei denne ordninga likevel avvikla, då det blei betre merking av stiar og kortare avstand mellom sikringsbuene og DNT-hyttene.

Tordsson (2010, s. 162-171) hevder at nasjonalromantikken og «det nasjonale prosjektet» på mange måtar blei oppfylt, og ein hadde igjen klart å byggja landet. I mellomkrigstida handla det om fellesskap, og ikkje individualistiske naturopplevingar. Etterkrigstida var prega av industrialisering og gjorde på mange måtar «friluftslivet» lettare tilgjengeleg.

Fleire menneske i fjellet eller fleire bilar på vegane kan naturlegvis medføra fleire ulykker. I friluftslivshistoria er «ulykkespåsken» i 1967 dessverre eit kjend fenomen. Denne påska omkom det opp i mot 16 personar i den norske fjellheimen, og blir hugsa som «den verste ulykkespåska i manns minne» (Sande, 2017). I etterkant sette DNT og Røde Kors seg saman og utarbeida og reviderte eksisterande fjellvettreglar anno 1952. Resultatet var fjellvettreglane frå 1967, som dei fleste har vaks opp med og kjenner til. I fleire tiår har fjellvettreglane hatt ei sjølvregulerande rolle i samfunnet. I eit forbrukarperspektiv vil det sei at personar har vurdert sikkerheita og risikoen ved ein bestemt aktivitet på bakgrunn av deira personlege kunnskap. I 2016 kom det på nytt ei revidert utgåve og reglane har tatt høgde for mange nye og spesialiserte aktivitetar og utstyr (DNT, u.å., b). Det er særleg fjellvettregel nummer to som har stått sterkt i Noreg «*tilpass turen etter evne og forhold*» (DNT, 2019). Tradisjonelt har «tur etter evne» omgrepene vore nytta til turplanlegging. Personar som skal utøva friluftslivaktivitetar bør kunne vurdere om ein har dei ferdigheter og kompetanse som er naudsynt for å handtera dei utfordringar som kan oppstå i møte med naturen (Horgen, 2010). Frå tilbydarsida blei det på 1980-talet etablert eit fagleg samarbeidsforum med sikte på å sikra god kvalitet i kurs- og opplæringssituasjonar i fjellsportmiljøet (Norsk Fjellsportforum, u.å.). Det har blitt utvikla ein «Nasjonal standard – for instruktørar, førarar, og kursarrangørar i fjellsport» (Norsk Fjellsportforum, 2020). Denne standarden har blitt akseptert som den gjeldande bransjenorma på området, og syner oss eit eksempel på dei retningslinjene som ligg til grunn for sikkerheitsarbeidet i naturbasert reiseliv. Horgen peikar på at det likevel ikkje er forskriftsreglar for dei ulike aktivitetane, og at det difor er bransjenormane som er retningsgjevande, utan å vera juridisk bindande (Horgen, 2013). Dei juridiske konsekvensane ved ulykker skal eg koma tilbake til seinare. Bakrunnen for den nemnde debatten er på mange måtar koplinga mellom «det tradisjonelle» og «det moderne».

### 2.1.2 Gemeinschaft og Gesellschaft

I boka «friluftsliv, kultur og samfunn» refererer Tordsson (2010) til den klassiske sosiologiske tankegangen kring «gemeinschaft - gesellschaft» utvikla av Ferdinand Tonnies. Friluftsliv og andre kulturelle tradisjonar blei overlevert innan primærrelasjonane og refererer til *gemeinschaft*, som blir rekna som det «tradisjonelle samfunnet» (Grimen, 2004, s. 40).

I eit utviklingsperspektiv blir det argumentert for at vi i dag har gått frå ein samfunn prega av gemeinschaft til eit industrisamfunn prega av gesellschaft». Dei oppgåvane som primærrelasjonane tidlegare tok seg av er det no skule, fritidsaktivitetar osv. som tek seg av (Grimen, 2004, s. 40). Tordsson (2010, s. 226) viser til at samfunnet har endra seg frå det nære og personlege, til eit strukturert og formelt samfunn. Friluftslivet har blitt forma i ein periode av gemeinschaft, der «allemandsretten» og «tur etter evne» blei institusjonalisert. Denne perioden bar preg av ein form for sjølvregulering, og bransjenormer er eit typisk eksempel på ein reguleringsform frå det «tradisjonelle samfunnet». I same omgang hevdar Tordsson (2010, s. 227) at det tradisjonelle friluftslivet står i ein klar skeivstilling i forhold til sterke krefter som pregar dagens «moderne samfunn», nemleg gesellschaft. Innleiingsvis såg vi at regulering og strengare kontroll er ein del av utviklingstrekka, og refererer til eit meir strukturert samfunn (gesellschaft). Ifylgje Tordsson vil friluftslivet ved store samfunnsstrukturelle endringar, stå i ein svak posisjon dersom ein distanserer seg frå utviklingstrekk generelt i samfunnet (2010, s. 227). Det vil sei at ein på sikt mogelegvis vil sjå tendensar til ei auke i reguleringsordningar for friluftsliv og naturbasert reiseliv. Nokre generelle føringar ligg til grunn allereie, slik som produktkontrollen og internkontrollforskrifta. Desse kjem eg tilbake til i kapittel 2.2 «Gjeldande lovverk». Andre ordningar er bakgrunnen for debatten kring ei reguleringsordning for guidar i naturbasert reiseliv.

### 2.1.3 Reguleringsendringar på veg

Den tradisjonelle måten å regulera opplevingsbransjen på har til no vore gjennom sjølvregulering, i form av «tur etter evne»-prinsippet og ulike bransjenormar. Av lovverk har produktkontrollova og internkontrollforskrifta lagt til grunn. Likevel har vi dei seinare åra sett eit opprop frå bransjen om behov for ei reguleringsendring av opplevingsbransjen i Noreg (Stortinget, 2017., NCE Tourism Fjord Norway, 2019., Nærings- og fiskeridepartementet, 2017). Då reiselivsmeldinga «Opplev Noreg – unikt og eventyrlig» blei utarbeidd vart det fremja eit ynskje om ei reguleringsordning;

*«Innspill innenfor kvalitetsmerking omfatter blant annet ønsker om en nasjonal kvalitetssikringsordning, et nasjonalt merkesystem for opplevelsesbedrifter, en sertifiseringsordning for guider og en ordning for å bedre sikkerheten knyttet til naturbasert reiseliv» (Nærings- og fiskeridepartementet, 2017, s. 8-9).*

Som sitatet syner kom det fleire innspel til reiselivsmeldinga, utan at tilbakemeldingane blei tekne til fylge. Indikasjonane frå myndighetene har heile vegen vore at «bransjen sjølv må rydda opp». Argumentasjonen som har blitt presentert frå myndighetene har så langt vore at «vi oppfattet ikke dette [reguleringsordning] som prioritert fra reiselivet i forbindelse med meldingsarbeidet» (Stortinget, 2017). Sjølv om myndighetene i liten grad ynskjer å gå inn for å regulera, kan ein sjå tendensar til meir tilsyn med opplevingsbransjen. Så langt er det ikkje guiden sin kompetanse som har blitt diskutert, men andre delar av naturbasert reiseliv.

Tidleg på 90-talet oppstod det fleire raftingulykker med dødeleg utfall i Norge. Dei fleste ulykkene skjedde då utanlandske turistar rafta på eigehand. Dagbladet har laga ei oversikt over ulykkene og hevder at dødsfalla førte til strengare retningslinjer for raftingselskap i Noreg (Klungtveit, 2010). I 1994 blei derfor «forskrift om sikkerheit ved rafting» vedtatt, som fyrste regulerande grep av opplevingsbransjen. Forskrifta har som formål å «forebygge at rafting medfører helseskade for deltakere» (Forskrift om sikkerhet ved rafting, 1994, §1). I lovteksten blir det presisert at verksemda skal nytta seg av personell med nødvendig kompetanse;

*«Den som er ansvarlig for virksomheten plikter å ha systemer for å dokumentere at det ikke benyttes annet personell/guider enn de som har nødvendig kompetanse, slik at rafting ikke medfører helseskade for deltakerne. Personell/guider skal inneha særlige kunnskaper innen redning og førstehjelp» (Forskrift om sikkerhet ved rafting, 1994, §10).*

Ordlyden i §10 viser at det er opp til verksemda sjølv å avgjera om guiden har den nødvendige kompetansen som skal til for at aktiviteten ikkje skal medføra «helseskade for deltakerne». Ordlyden i §10 er verken mildare eller strengare samanlikna med Produktkontrolloven og Internkontrollforskriften, kor ein i alle tre tilfella skal gjera skjønnsmessige vurderingar av dei tilsette sin kompetanse.

Andre eksempel på statlege reguleringar kjem særleg frå maritime opplevingar, og kan gje oss ein indikasjon på at strengare tilsyn er i ferd med å tre i kraft. Første forskrift om turistfiske blei lagt fram i 2006, og omhandla utførselskvote av fisk (Forskrift om utførselskvote av ved sportsfiske, 2006). Denne forskrifta rettar seg direkte mot registrerte turistfiskeverksamheiter. Ei slik form for verksemrd kan gjelda blant anna guida fisketurar. Slike verksemder er tvungne til å registrera seg i ein database hos fiskeridirektoratet etter Forskrift om turistvirksomheter (2017). I februar 2020 blei det lagt ut eit høyringsforslag om å ytterlegare stramma inn kring turistfiske (Nærings- og fiskeridepartementet, 2020). Det har no blitt lagt fokus på dei *mange* drukningsulykkene blant utanlandske gjestar. Regjeringa vurderer no «*om det bør stillast særskilde krav til både leigar og uteigar av fritidsbåtar*» (Nærings- og fiskeridepartementet, 2020, s. 53). I same omgang har det kome reguleringar knytt til kvalsafari. I desember 2019 innførte Nærings- og fiskeridepartementet ei forskrift om utøving av kvalsafari, og den har som formål å betra sikkerheita til turisten, fiskaren og kvalen. Same departementet har saman med Justis- beredskapsdepartementet kome med ei pressemelding som tydar på at det kjem strengare regulering av guidar på Svalbard. Dette på bakgrunn av signal om dårlige arbeidsvilkår for guidane, påverknad på naturmiljøet og dårlig kjennskap dei utfordringar det arktiske forholda medfører. Problemstillinga har vore ute på høyring og ei innstilling er venta innan kort tid (Justis- og beredskapsdepartementet, 2020). Kva som er riktig regulering og korleis det skal gjennomførast i praksis har vore gjenstand for debatt i fleire tiår.

## 2.2 Gjeldande lovverk

### 2.2.1 Produktkontrolloven og Internkontrollforskriften

Reiselivsnæringa og opplevingsbransjen tilbyr produkt eller tenester til ulike forbrukarar mot betaling. Dersom ein driv eit enkeltmannsføretak og sel guida turar til Galdhøpiggen må ein retta seg etter Produktkontolloven (1976). Det vil sei at ein tilbyr ei forbrukarteneste som inngår i lovens saklege verkeområde. Lovens formål etter §1 bokstav A er å «*forebygge at produkter og forbrukertjenester medfører helseskade, herunder sørge for at forbrukerprodukter og forbrukertjenester er sikre, [...]*» (Produktkontolloven, 1976, §1a). Ut ifrå lova sitt formål ser ein at guida turar blir omfatta av lova, då ein slik form for aktivitet går under definisjonen av ei forbrukarteneste. Særleg er det §3 «plikt til å utøve aktsomhet» som er relevant i dette høve; «*Den som eier eller leder virksomhet som tilbyr forbrukertjenster, eller utfører arbeid i slik virksomhet, skal vise aktsomhet og treffen rimelige tiltak for å forebygge at forbrukertjenesten medfører helseskade. [...]*» (Produktkontolloven, 1976, §3 andre ledd). I same omgang kjem det fram at forbrukaren sjølv har ansvar for å setja seg inn i risikoen ved forbrukartenesta; «*[...]. Mottaker av forbrukertjeneste skal vise aktsomhet ved benyttelse av tjenesten*» (Produktkontolloven, 1976, §3 andre ledd). Til sist må eigar, leiar eller den som utfører arbeid i verksemda gje mottakaren av forbrukartenesta tilstrekkeleg informasjon om den risiko tenesta medfører. Dette er for å sikre at forbrukaren er klar over risiko og kan vurdera eigen sikkerheit (Produktkontolloven, 1976, §3 femte ledd).

Internkontrollforskrifta (1996) har sitt verkeområde for verksemder heimla i Produktkontolloven. Forskrifta sitt føremål er krav til systematisk gjennomgang av tiltak for forbetringa av; sikkerheit, førebygging av helseskade samd førebygging av uhell og ulykker. Etter §4 skal den som er ansvarleg for verksemda sørge for at det blir gjennomført internkontroll. Arbeidet skal ifylgje §5 innehalde dokumentasjon på at HMS-arbeidet er tilpassa verksemda sin art, aktivitet og risikoforhold. Eksempel på kva som må dokumenterast er fylgjande; «*kartlegge farer og problemer og på denne bakgrunn vurdere risiko, samt utarbeide tilhørende planer og tiltak for å redusere risikoforholdene*» (Internkontrollforskriften, 1996, §5 nr. 6). Kompetansebevis og sertifikat skal blant anna dokumenterast dersom dette er relevant for verksemda.

## 2.2.2 Dødsulykker og juridiske konsekvensar

Lov om produktkontroll og Internkontrollforskrifta er begge vedtatt for å førebyggja «helseskade» hjå forbrukaren. Både den ansvarlege og den som arbeidar i verksemda skal vise aktsemnd etter Produktkontolloven (1976, §3). På same tid har forbrukaren sjølv eit ansvar for å vurdera risiko og eigen sikkerheit (Produktkontolloven, 1976, §3 femte ledd., Wangberg, 2017). Det tyder på at ved utøving av aktivitet i naturen vil det alltid vera ein restrisiko ein må velja å akseptera. Ifylgje Justis- og beredskapsdepartementet (2016, s. 31) blir restrisiko definert som «*den risiko som gjenstår når vi ikke kan gjennomføre eller er villig til å prioritere ytterligere risikoreduserende tiltak. En restrisiko vil alltid finnes*». Det betyr at verksemda heile tida må arbeida mot å redusera risikoen og opptre aktsamt, og på denne måten halde seg innanfor det lovlege verkeområde. Likevel oppstår det ulykker i naturen, både med og utan guide. Dersom ulykka først oppstår er det ifylgje Horgen (2013) politiet sitt ansvar å etterforska og registrera dødsfalla, men per i dag blir det ikkje ført gode nok statistikkar over ulykker i naturbasert reiseliv. Når politiet konkluderer med at det har skjedd ei ulykke, er dei ferdige med sitt arbeid. Andre vil nok påstå at det ville vore hensiktmessig å i større grad setja fokus på registrering, slik at ein kan halde oversikt over kor mange ulykker som oppstår. Nokre sær forbund slik som Norges Klatreforbund og vêrtenesta «varsom.no» samlar statistikk frå klatre- og skredulykker (Folkehelseinstituttet, 2019, s. 71). For å diskutera spørsmålet om sikkerheit ville det vore hensiktmessig å vite kor mange som dør i friluftslivsulykker, om dei er norske eller utanlandske, med eller utan guide. André Horgen har i sitt doktorgradsarbeid samla deskriptiv statistikk frå fleire friluftslivsaktivitetar sidan byrjinga av 2000-talet, og presiserer at dette ikkje er eit enkelt arbeid (Horgen, 2019, s. 83). Når det gjeld organisert friluftsliv eller naturbasert reiseliv har det i perioden 2000-2015 omkomme 13 personar (sjå Tabell 1) i aktivitetar som blant anna juvvandring, skikjøring og brevandring (Horgen, 2019, s. 32). Noko samla og oppdatert tabell har det ikkje blitt utarbeidd, då det per i dag ikkje er noko rutine på dette.

**Omkomne i forbindelse med organisert friluftsliv/  
naturbasert reiseliv 2000-2014**

<b>År</b>	<b>Aktivitet</b>	<b>Antall</b>	<b>Kjønn</b>	<b>Nasjonalitet</b>	<b>Sektor</b>
2002	Brevandring	1	Kvinne	Norsk	Skole/utdanning
2004	Juvvandring	1	Kvinne	Nederlandsk	Naturbasert reiseliv
2004	Ski	1	Mann	Norsk	Frivillig organisasjon. DNT
2006	Juvvandring	1	Mann	Norsk	Naturbasert reiseliv
2008	Kanopadling	1	Mann	Norsk	Rehabilitering
2009	Ski	1	Mann	Norsk	Naturbasert reiseliv. UIAGM/TVBV/IMFG
2010	Fjellklatring	1	Mann	Norsk	Frivillig organisasjon / løst organisert vennegjeng
2012	Ski	5	Menn	Sveits (4), Fransk	Naturbasert reiseliv. UIAGM/TVBV/IMFG
2013	Ski	1	Kvinne	Østerrike	Naturbasert reiseliv. UIAGM/TVBV/IMFG
<b>Totalt: 2000-2014</b>		<b>13</b>			

*Tabell 1: Antall omkomne i organisert friluftsliv/naturbasert reiseliv i åra 2000-2014. Kjelde: Horgen, 2019, s. 32.*

Ulykkesstatistikken syner oss 13 dødsfall i friluftslivsaktivitetar/naturbasert reiseliv med lærar, vegleiar eller guide til stades. Om 13 er eit høgt eller lågt tal vil i fyrsteomgang vera ein subjektiv oppfatning og vanskeleg å diskutera. Ei av ulykkene blei tatt vidare til rettsvesenet, då ein mann i 30-åra omkom under juvvandring i 2004. Miljøkrim (Økokrims fagblad) har beskrive hendinga og den fylgjande rettssaka. Spørsmålet om skuld blei lagt til grunn, og retten påpeika deltakarane sin risikoaksept, samstundes som at det blei erkjent at innehavar ikkje hadde gjennomført grundig nok gjennomgang av dei faremoment som låg til grunn for ulykka (Miljøkrim, 2011). Innehavar og dagleg leiar blei etter straffelova §239

<sup>1</sup>(Justis- og beredskapsdepartementet, 2005) dømd til 45 dagar betinga fengsel for brot på Produktkontrolloven (Horgen, 2019, s. 6). Saka har i seinare tid blitt omtala som «Dorgefossdommen» og Statsadvokaten peikar på at denne dommen kan bli prinsipiell og ha overføringsverdi i seinare saker (Miljøkrim, 2011). I etterkant utarbeida Direktoratet for samfunssikkerheit og beredskap ein «temaveileder i risikoanalyse. For risikofylte forbrukertjenester» (2007), og har i seinare tid uttrykt at dei er bekymra for fleire ulykker som fylgje av ei auke i tilbod og etterspurnad på liknande aktivitetar (Miljøkrim, 2011).

<sup>1</sup> Almindelig borgerlig Straffelov (Straffeloven) oppheva og erstatta med Straffeloven (2005).

## 2.3 Guiden si rolle


### 2.3.1 Å guida dei gode opplevingane

«Moderne guiding er meir enn å finna vegen til toppen»

(Sitat inspirert av ei parafrase frå Cohen, 1985 i Rokenes et al, 2015).

I fyrsteomgang kan vi sjå at «kjært barn har mange namn». Ordet «guide» blir skildra i Cambridge Dictionary som *“a person whose job is showing a place or a particular route to visitors”* (Cambridge Dictionary, u.å.). Av praktiske omsyn har eg vald å nytta ordet «guide» som eit samleomgrep for blant anna naturvegleiar, tindevegleiar, førar, vegleiar og så vidare. I frå gamalt av var «guiden» ein vegvisar for dei britiske turistane som kom til Noreg på 1800-talet (Eikje, 2015, s. 30). Den gongen blei vegvisarane organisert for å sikra at prisnivået på tenesta ikkje blei for høg og for å ta vare på sikkerheita til turistane (Horgen, 1999, s. 125). I dag finst det ikkje noko god oversikt over kor mange guidar det finst i Noreg (Virke, 2013), men vi veit at marknaden stadig etterspør gode opplevingar. Sjølve rekrutteringsprosessen til reiselivsnæringa er i somme tilfelle utfordrande ifylgje NHO reiseliv; *«De største barrierene for rekruttering fremover er lønnsnivået, bransjens status og ubekvemme arbeidstider ifølge bedriftene selv»* (NHO reiseliv, u.å.). Samstundes arbeider myndighetene med å skapa fleire heilårsarbeidsplassar (Nærings- og fiskeridepartementet, 2017, s. 32), utan at dette tema har fått særleg stor merksemd i *«Veikart for reiselivsnæringen i Norge – mot et bærekraftig reiseliv»* (De Historiske m., fl., 2017). I BIOTOUR-undersøkinga om naturbaserte reiselivsbedrifter blir det hevdat at verksemndene plasserer livsstil høgt på lista over målsetjing for verksemda, betydeleg høgare enn inntekt (Stensland et. al., 2018, s. 53). Det vil sei at arbeidet må passa til den livsstilen ein ynskjer å leva. Mange små guideverksemder ynskjer å leva av sin store lidenskap, som gjerne er toppturar eller kajakkturar. For fleire av desse verksemndene var den viktigaste målsetjinga «å skapa gode naturopplevingar» (Stensland, et. al., 2018, s. 53).

For verksemder i naturbasert reiseliv og opplevingsbransjen handlar mykje av arbeidet nettopp om å skape dei gode naturopplevingane. Guiden skal per definisjon «finna vegen eller ruta til ein bestemt destinasjon» (Cambridge Dictionary, u.å.), samstundes skal guiden ivareta sikkerheita til dei betalande gjestane. Sjølve opplevinga av opplevinga kan ifylgje Carlson (1997) definerast som ein «flow» eller flyt av tankar og førelsar som oppstår i eit augneblikk av bevisstheit (Csikszentmihalyi, 1990). Summen av denne opplevinga kan påverka kunden sitt syn på kvaliteten på produkta eller tenesta. Vurderinga av ei oppleving blir rekna som sjølvkonstruert med påverknad frå andre menneske, og miljøet ein oppheldt seg i (Bertella, 2016., O'dell, 2005., Mossberg, 2007). Det er vidare viktig å få fram at Mossberg (sitert i Mossberg, 2007) presisera at verksemder ikkje kan selja gode opplevingar, men heller leggja til rette for dei. Guiden kan difor ifylgje Mossberg (2007) spela ei avgjerande rolle for kundeopplevinga og deira syn på firmaet. Mossberg (2007) har utarbeidd ein figur som syner oss faktorar som påverkar kundeopplevinga frå eit marknadsperspektiv (sjå Figur 1).



Figur 1 Faktorar som påverkar kundeopplevinga i reiselivssamanhang. Kjelde: Mossberg, 2007.

Kundeopplevelinga blir påverka av konteksten eller tema/historia for opplevelinga, det fysiske miljøet, personalet, andre turistar samd produkt og suvenirar. Mossberg (2007) peikar på at opplevingsrommet er ei samhandling mellom desse faktorane, og guiden har difor gode mogelegeheiter for å leggja til rette for at kundane kan skape eigne erfaringar. Kva eigenskapar ein guide burde ha kjem eg tilbake til i kapittel 2.3.3 om «kunden sitt syn på guiden sin rolle». I lys av figuren ser ein at andre turistar kan påverka opplevelinga, både i positiv og negativ retning. Dersom ein deltek på ein guida tur med familie eller vener, kan desse vera med på å bidra positivt til den samla erfaringa. Store folkemengder, kø i fjellet eller ulike forutsetningar for deltaking på den bestemde aktiviteten kan skapa negative erfaringar (Curtin og Kragh, 2014). Då er det guiden si rolle å motivera, forhandla eller å vera psykolog (Mykletun, 2018). Guiden er på same tid ein positiv bidragsytar for å få kundane til å beherska naturelementa i oppleveringsrommet, og for å gje dei betre kunnskap om natur- og kulturelementa på vegen (Bertella, 2016). Sistnemnde eigenskap refererer til den mjuke kunnskapen hjå ein guide eller «soft-skills» som er omgrepene ein helst nyttar (Mykletun, 2018). Vidare skal eg difor sjå på kva som eg hovudmotivasjonen bak å leia ein guide og kva eigenskapar kunden set pris på hjå guiden.

### *2.3.2 Megatrendar som påverkar motivasjonen for å leia guide*

Elmahdy et al., (2017) gjer greie for megatrendar som påverkar reiseliv der fleire trendar påverkar motivasjonen for kvifor ein ynskjer å leiga ein guide. I rapporten blir «sosiale trendar» trekt fram som fyrste årsak til påverknad på NBR (Elmahdy et al., 2017, s. 21). Ei generell auke i verdas befolkning vil føra til at fleire utøver friluftsliv og deltek på aktivitetar i opplevingsbransjen. Vidare støttar rapporten Benckendorff (2006, s. 204) sitt arbeid der det blir nemnd at vi i det moderne samfunn får færre born og at dette gjev oss meir fleksibilitet. På same tid får ein større økonomisk fridom og har difor mogelegheit til å kjøpa eit reiselivsprodukt (ein guida tur). Teknologiske trendar og sosiale medium har gjort det enklare å oppdage nye destinasjonar og turmål, og har i fleire tilfelle påverka eit område sin popularitet (Elmahdy et. al., 2017).

Roknes et al (2015) har på si side gjennomført ei studie av gjestar si vurdering av guida topp- og terrengsykkelturar, på grunnlag av at deltakarane leia guide or å gjennomføra aktiviteten raskt og effektivt. Med det så meinte deltakarane at dei ikkje trengte å planleggja turen og at ein guide kunne spara dei for tid. Motivasjonen for å leiga ein guide kan vera samansett av fleire årsaker. Fleire studiar har likevel trekt slutningar på grunnlag av hovudmotivasjonar blant deltakarar på ulike aktivitetar i opplevingsbransjen. Tangeland (2011) peikar først og fremst på at årsaka for å kjøpe eit reiselivsprodukt (ein guida tur) ofte har fleire motivasjonsfaktorar. Hovudfaktoren i hans studie var likevel «å forbetra kvaliteten» på produktet eller aktiviteten. Ved å kjøpa ei guida teneste, kunne ein oppnå høgare suksess enn ved å gjennomføra aktiviteten sjølv. Bak denne motivasjonen kan det ifylgje Tangeland (2011) skjula seg ein reduksjon av usikkerheita kring sikkerheit. Det vil sei at kundar i større grad ynskjer at guiden skal ta seg av vurderingane. Vidare blei det identifisert tre andre viktige faktorar; å forbetra ferdigheiter, å prøve ein ny aktivitet og å vera sosial. Tangeland sin studie blir støtta av Rebelo, Ezeguel, Mendes og Carvalho (2017), som i sin studie har sett at sikkerheit var den viktigaste motivasjonen for å leiga guide for å klatre Portugal sitt høgaste fjell. På same måte som at sikkerheit er ein underliggjande årsak til å leiga guide, kan tid og effektivitet vera like aktuell.

### *2.3.3 Kunden sitt syn på guiden sin rolle*

I litteraturen blir guiden beskrive med ei rekke ulike roller og ein forstår at feltet er samansett og komplekst. Cohen (sitert i Rokenes et al., 2015) beskriv den tradisjonelle guiden som ein stifinnar, men seier med det same at den *moderne* guiden treng å gjere meir enn å finne toppen – nemleg å finne den ruta som er mest «gøy». Med *gøy* så medfører det ofte ein form for risiko. Rebelo et. al., (2017) har i sin studie av deltaking i klatring til toppen av Portugal sitt høgste fjell, konkludert med at å ivareta sikkerheita er den viktigaste rolla til guiden. På same tid refererer dei til at guiden ikkje kan garantera absolutt sikkerheit. Det vil alltid vera ein restrisiko den besøkande må akseptera, og det er i tilfelle viktig at kunden er kjend med restrisikoen. Det same resultatet har Roknes, Schumann og Rose (2015) kome fram til i sin studie av deltakarar i terrengsykling og toppturar på ski i USA. Det var noko forskjell mellom dei som gjekk topptur og dei som dreiv terrengsykling. Alle dei intervjuja toppturdeltakarane gjekk med guide på grunn av sikkerheita. Motsett var terrengsyklistane ikkje klar over risikoen i like stor grad før dei deltok, men opplevde i større grad at guiden bidrog positivt med tanke på sikkerheita i etterkant av turen. Deltakarane opplevde altså at terrengsykkel var ein aktivitet som var meir krevjande og med større risiko enn dei hadde trudd på førehand. Desse funna kan styrkjast ved å sjå på ei studie av rolla til havkajakkguidar i marine område i Canada (Randall og Rollins, 2009). Dei har intervjuja deltakarar på havkajakktur og sett at ulike kundesegment har forskjellig forventningar til guiden si rolle. Randall og Rollins (2009) peikar difor på at ein burde undersøkja kvart segment for å sjå på kva eigenskapar ein «god» guide burde ha. Ulike forventningar til guiden si rolle kan ha ein samanheng med kva føresetnad deltakarane har på førehand. Roknes et. al., (2015) såg ved sine observasjonar at nokon deltakarar på topptur ynskja å koma raskast mogeleg fram for å «nå målet». Andre igjen ynskja i større grad tilbakemelding på teknikken, og dette kan i tilfelle føra til latente konfliktar i gruppa. Guiden skal ifylge Roknes et al (2015) ikkje berre leggja til rette for gode opplevelingar, men og sørge for at ein unngår negative hendingar. Dette tek oss vidare til den «mjuke» kunnskapen guiden burde ha.

Fram til no har det vore fokus på den praktiske kunnskapen i form av vegvisar, sikkerheitsansvarleg og risiko. Randall og Rollins (2009) konkluderer i sin studie at dei guidane som på sikt ynskjer å halde kurs, burde gå gjennom eit sertifiseringsarbeid. Ei slik form for utdanning burde ikkje berre fokusere på «hard-skills», men og konsentrera seg om den «mjuke» kunnskapen ein guide burde ha. Hard-skills refererer som kjend til den praktiske og meir tekniske kunnskapen knytt til ein friluftslivsaktivitet, som å gjennomføra kameratredning på bre (Mykletun, 2018). Til samanlikning kan ein og snakka om «hard-adventure» som refererer til aktiviteten og grad av risiko den bestemte aktiviteten medfører. På den andre sida snakkar ein om «soft-skills» som refererer til den mjuke kunnskapen eller «taus-kunnskap» som ein referer til i sosiologien (Mykletun, 2018). Dette kan blant anna vera lokalkunnskap om natur- og naturressursar. I studien til Roknes et al (2015) *forventar* kunden at guiden har lokalkunnskap, samtidig som dei finn sikre vegar. Andre formidlingstema er berekraft og naturressursar (Koroglu og Guzel, 2014). Ved å informera og læra frå seg kan guiden skape ei haldningsendring hjå kundane. Det kan sjølvsgart skape positive verknader for det lokale miljøet, men og auke bevisstheita i eit globalt perspektiv. Rebelo et al (2017) peiker på at guiden er bindeleddet mellom destinasjonen og kunden. Det vil sei at guiden kan stå fram som destinasjonen sitt ansikt mot verda.

## 3. METODE

---

### 3.1 Kvalitativ innhaldsanalyse

Denne masteroppgåva har som formål å undersøkja om det trengs ei reguleringsordning for guidar i det naturbaserte reiseliv i Noreg. Det er i fyrsteomgang problemstillinga som er avgjerande for kva data ein skal samle inn (Grønmo, 2004, s. 129). Studien søker kunnskap om dei haldninga som kjem fram i debatten kring reguleringsordninga, og eg ynskjer å sjå nærrare på kva som kjenneteiknar innhaldet i argumenta som blir presentert. På bakgrunn av problemstillinga blei det naturleg å arbeida vidare med kvalitativ metode, som er ein av to retningar i samfunnsvitskapleg forsking. Ifylgje Brunt, Horner og Semley (2017, s. 28) tek ei kvalitativ tilnærming sikte på å gå i djupna på eit bestemt tema, medan kvantitativ tilnærming er ute etter å generalisera om ein større populasjon. Å studera noko i eit djupare perspektiv passa mitt mål med studien, då eg ynskja å studera kva som kjenneteiknar argument for og imot ei reguleringsordning. Det vil sei at eg i fyrste omgang skal identifisera argument, for så å analysera innhaldet i argumenta. Eg vil argumentera for at metoden egnar seg godt fordi kvalitative studiar ofte ynskjer å fortolka og forstå (Bengtsson, 2016., Brunt et al., 2017, s. 143., Grønmo, 2004, s. 129).

Basert på mi for-forståing av tema har eg henta argument frå ein offentleg debatt som tilsynelatande diskuterer om det trengs ei reguleringsendring eller ikkje. I lys av problemstillinga har eg difor kome fram til at ei kvalitativ innhaldsanalyse av dokument er den metoden som egnar seg best for å gje svar til problemstillinga og tilhøyrande forskingsspørsmål. Årsaka til val av metode er i fyrsteomgang at datamaterialet er skrivne dokument eller tekstar. Eksempel på tekstar eg har brukt er debattinnlegg og kronikkar frå avisar. Den kvalitative tilnærminga av litteraturanalyse byggjer på systematisk gjennomgang av dokument, med sikte på å kategorisera innhaldet av relevant informasjon knytt til problemstillinga (Grønmo, 2004, s. 188., Krippendorff, 1989). Til samanlikning kan det seiast at ei kvantitativ tilnærming på ei innhaldsanalyse er ute etter det same, men skilnaden ligg i *kva* ein ynskjer å undersøkja. Eg skal i mi studie fortolka, forstå og analysera dei haldninga som ligg til grunn i argumenta – for eller imot regulering.

Andre studie igjen er meir opptatt av å finne svar på noko som kan gjera seg gjeldande for ein heil populasjon. Ifylgje Grønmo (2004, s. 193) vil ein ved kvantitativ innhaldsanalyse velja ut tekstar på førehand og analysera desse ut i frå førehandsgjeve kodeskjema. Motsett kan ein ved kvalitativ innhaldsanalyse ha eit meir fleksibelt undersøkingsopplegg, som vil sei at datainnsamlinga kan gå parallelt med analyseringa (Grønmo, 2004, s. 187). Det vil sei at eg undervegs har analysert om teksten er relevant for studien, ut i frå nokre avgrensingar eg har gjort i førebuingfasen. I neste omgang har eg analysert og kategorisert innhaldet – noko eg kjem tilbake til.

### 3.2 Førebuing til datainnsamlinga

Det fyrste steget ved gjennomføring av ei kvalitativ innhaldsanalyse handlar om å førebu seg til sjølve datainnsamlinga. Frå før veit vi at sjølve analysen kan gå parallelt med datainnsamlinga, så det finst ikkje nokre klare ledelinjer på korleis ein skal gå fram (Grønmo, 2004, s. 187). Det finst likevel nokre anbefalingar og ifylgje Grønmo (2004, s. 189) burde ein starte med å avklare fokuset for datainnsamlinga. Dette er særleg viktig med tanke på at opplegget elles er fleksibelt, og ved å avklare fokus kan ein lettare halde fast i den raude tråden undervegs. Det fyrste eg avklåra var at datamaterialet skulle baserast på sekundærdata, som ifylgje Brunt et al (2017, s. 26) er føreliggjande datamateriale. I denne studien er det snakk om debattinnlegg, kronikkar, lesarinnlegg frå aviser eller magasin. Andre medium blei undersøkt, slik som YouTube og radio, men analysearbeidet avdekkja at dei aktuelle tema ikkje var relevant for studien. Bengtsson (2016) beskriv at det ikkje finst klare svar på kor stort omfang ein burde samle inn, men at ein sørger for at ein har nok data til å kunne gje svar på problemstillinga. For å ta i bruk datamaterialet må ein fyrst sjå på innhaldet sin relevans (Grønmo, 2004, s. 136). Det vil sei at ein blir naud til å avklare kva tema ein skal prioritera når ein vel ut tekstar. Her er det heile vegen problemstillinga som ligg til grunn for dei vala ein gjer.

### 3.2.1 Presisering av tema og utval av tekstar

Før sjølve datainnsamlinga starta var eg naud til å avklare kva tema eg skulle sjå etter då eg valde ut kva tekstar som fekk vera med vidare i studien. I fyrsteomgang henta eg tema frå ein konkret debatt «Profesjonskamp til fjells», som det tidlegare er skrive fleire masteroppgåver om (Aarhus, 2012., Dahl, 2010., Eikje, 2015., & Grav, 2010). Kort oppsummert dreier konfliktlinjene seg om *kven som kan gjera kva i fjellet*. Høgskulelektor i friluftsliv, André Horgen, rettar sin kritikk imot NORTIND og deira «forsøk» på å skape monopol på si utdanning (Horgen, 2009). På den andre sida finn ein NORTIND som viser til søsterorganisasjonar i andre land, og viser til tryggleik og sikkerheit for kundane sine (Einang, 2009 og Magnussen, 2009). I denne debatten kom det fram klare og tydeleg *argument for eller imot ei reguleringsordning*. Det var her eg fann nykelen til den vidare avgrensinga. For det første må tekstane innehalde ein *haldning* for eit bestemt tema. I dette tilfelle vil det sei eit *argument for eller imot ei reguleringsordning*. Reguleringsordninga må vidare dreia seg om *guida tenester i Noreg*. Og til sist måtte haldninga retta seg mot *opplevelsibransjen*, med fokus på *naturbasert reiseliv*. Opplevingsbransjen dekkjer som kjend fleire område enn naturbaserte aktivitetar, men problemstillinga rettar seg mot naturbasert reiseliv og difor er andre aktivitetar utelét (Menon Business Economics, 201, s. 8). Eksempel på aktivitetar i opplevingsbransjen som ikkje fell innanfor utvalet er cruiseturisme, fordi det i dei fleste tilfelle ikkje blir spesifisert om det er snakk om guida turar i natur eller by.

Då dei fyrste avklåringane var gjennomført kunne eg starte med å finne dei tekstane som skulle ta del i sjølve innhaldsanalysen (Grønmo, 2004, s. 189). I fyrsteomgang brukte eg dei nemnde masteroppgåvane for å «navigera» i debatten. Det vil sei at eg først brukte studiane til å få ei større forståing av kva debatten dreia seg om. På denne måten kunne eg utarbeida strategiske sökjeord seinare i prosessen. Vidare brukte eg referanselista i masterstudiane og fekk fylgjande tilgang til dei artiklane og debattinnlegg som var nytta i deira studiar.

Tekstane blei vald ut på bakgrunn av utvalskriteria eg tidlegare hadde utforma. Då eg seinare i analysearbeidet såg at eg ikkje fekk nok materiale, måtte eg gjennomføra ein ny runde med sök. Å gjera slike justeringar undervegs er ifylgje Grønmo (2004, s. 189) heilt i tråd med retningslinjene for kvalitative opplegg.

Eg brukte vidare søkjemotoren «Google Scholar» for å finne tekstane, medan andre tekstar bak betalingsmur fekk eg tilgang til i databasane «ATEKST» og «Library Press Display». Eg nyttja søkjeord som «regulering av guidar», «cowboytilstander» eller «profesjonskamp». Dei eldste artiklane frå debatten blei først publisert i den trykte utgåva av magasinet UTE (no Utemagasinet), og for å få tilgang måtte eg kjøpe eit abonnement hjå magasinet «Fri Flyt». Tekstane som blei plukka ut og analysert vart vald på bakgrunn av den nemnde avgrensinga. Dei måtte innehalde eit argument for eller imot ei reguleringsordning for guidar i naturbasert reiseliv i Noreg. Til sist sat eg igjen med 25 tekstar som til saman dannar grunnlaget for det vidare analysearbeidet.

### 3.3 Gjennomføring

Neste steg i den kvalitative innhaldsanalysen dreiar seg om sjølve gjennomføringa av analysearbeidet. Som nemnd går analysen føre seg til dels parallelt med datainnsamlinga, og første «vask» er køyrd (Grønmo, 2014, s. 187). Når det gjeld ei kvalitativ innhaldsanalyse vil denne delen bestå av å systematisk analysera dei 25 utvalde tekstane (Grønmo, 2014, s. 190). Eg hadde allereie avklard at tekstane hadde riktig tema og relevans i lys av problemstillinga. Neste steg består ifylge Grønmo (2004, s. 191) av å registrera relevant innhald frå tekstane. Då måtte eg i fyrsteomgang identifisera argumenta *for* eller *imot* ei reguleringsordning. Vidare blei argumenta plassert i kvar sin bås med tittel «*for* strengare regulering» eller «*imot* strengare regulering». Då argumenta var lagt fram kunne eg starte arbeidet med å kategorisera innhaldet i argumenta. Ifylge Grønmo (2004, s. 191) er det i denne prosessen lettast å sjå at analysen går parallelt med datainnsamlinga. Bengtsson (2016) beskriv det som å dekonstruera argumenta, plukka dei frå kvarandre, for å finna mønster i haldningane. Eg valde å fargekoda bestemte haldningar og ord som gjekk igjen, for så å plassera orda i større samanhengar. Det vil sei at eg har registrert relevant innhald for å utvikle nye typologiar (Grønmo, 2004, s. 191). I praksis vil det sei å lesa gjennom datamaterialet fleire gonger, ved å fortolka argumenta i lys av problemstillinga. På denne måten får ein stadig djupare innsikt og forståing, slik at ein etter kvart kjenner igjen mønster i tekstane. Til sist kan ein utforma eigne kategoriar og plassera argumenta i desse, med tanke på kva som kjenneteiknar innhaldet. Denne prosessen bidreg til at problemstillinga blir betre belyst (Grønmo, 2004, s. 191).

Eg har til saman identifisert fem kategoriar som talar for ei reguleringsordning, markert med bokstav F. Argument som talar imot ei reguleringsordning er markert med bokstaven M, og eg har identifisert tre kategoriar. For å få best mogeleg oversikt har eg presentert kategoriar og argument i ei matrise (Sjå tabell 2 og 3). Bokstavkodane F og M representerer som nemnd argument for eller imot, og referansane til utsegna er lista opp i vedlegga (sjå Vedlegg 1, 2 og 3).

### 3.4 Metodekritikk

#### 3.4.1 Reliabilitet

Studiens reliabilitet handlar om kor påliteleg datamaterialet er (Grønmo, 2004, s. 222), og sjølv om ein i størst grad snakkar om reliabilitet i kvantitative studiar, er det like aktuelt ved kvalitativ tilnærming. I kvalitative studiar er det derimot ikkje mogeleg å testa reliabiliteten etter standardiserte metodar, gjerne på grunn av mindre struktur enn i kvantitative opplegg. Andre fagpersonar snakkar gjerne om «truverd» i staden for reliabilitet (Thagaard sitert i Grønmo, 2004, s. 229). Det vil sei at datamaterialet må stå fram som truverdig og at forskaren sin subjektive oppfatning ikkje ligg til grunn for studien. Undervegs har eg vore bevisst på mi rolle og er klar over dei utfordringar som ligg til grunn ved innsamling av datamaterialet. Eg har undervegs forklart trinnvis korleis eg har gått fram for å samla datamaterialet. Tekstane og argumenta som ligg til grunn for studien har blitt nøyare presentert til sist i oppgåva (sjå vedlegg 1), slik at lesaren kan få ei djupare forståing for argumenta sin kontekst. Vidare sei ein gjerne at forskingsopplegga ved bruk av kvantitativ metode skal vera så tydeleg presentert at ein anna forskar skal kunne kome fram til same resultat, dersom prosessen blir gjennomført på same måte (Brunt et al, 2014, s. 239). Dersom ein brukar kvalitativ innhaldsanalyse som metode, vil datainnsamlinga vera avhengig av når studien blei gjennomført og av kven (Grønmo, 2004, s. 228). Det vil sei at det er vanskeleg for ein andremann å etterprøva resultata, og difor er det kanskje enda viktigare å dokumentera korleis ein har gått fram.

### 3.4.2 Validitet

Studiens validitet handlar om i kva grad datamaterialet er relevant for den gitte studien (Grønmo, 2004, s. 231). Sjølv om ein har vurdert studiens reliabilitet som høg, treng det likevel ikkje å bety at validiteten er høg. Om materialet er gyldig eller valid heng saman med om dei er relevant i lys av problemstillinga. «Openbar validitet» refererer til materialet som har blitt samla inn og blir rekna som tilfredsstillande dersom det er openbart samanheng med studiens problemstilling og mål (Grønmo, 2004, s. 231). Dette tok eg høgde for då eg avgrensa tema for dei utvalde tekstane for innhaltsanalysen. På denne måten har eg sikra at materialet eg samla står fram som gyldig. Ifylgje Brunt et. al., (2017, s. 239) kan gyldigheita og referera til operasjonalisering, gjerne av omgrep, for å betre syna at relevant data er innsamla. Problemstillinga har eg plukka frå kvarandre, operasjonalisert dei omgrepa som trengte nærmere forklaring og avgrensa tema for datainnsamlinga. Som det kjem fram av resultata har eg utforma ein samlekategori for argument for eller imot regulering av guidar. Det vil sei at eg har funne nokre argument som fall utanfor dei kategoriane eg genererte. Dersom andre hadde gjennomført den same studien, er det ikkje sikkert desse utdragene hadde blitt teke med. Samstundes har eg argumentert for kvifor desse utdragene har relevans for studien.

## 4. RESULTAT

---

### 4.1 Argument for ei reguleringsordning for guidar i NBR

Gjennom analysearbeidet har eg kome fram til 20 utdrag frå 16 ulike tekstar med argumentasjon for strengare regulering av guidar i opplevingsbransjen i Noreg. Av dei 20 utdraga har eg analysert innhaldet og kome fram til fem kategoriar som kjenneteiknar innhaldet i dei ulike argumenta. Dei fem kategoriane er følgjande; useriøse aktørar, sikkerheit, kvalitet, berekraftige arbeidsforhold og øvrige tema. På bakgrunn av problemstillinga og analysearbeidet blei det relevant å lage ei matrise (Tabell 2) for å framstille resultata på ein oversikteleg måte. Alle utdraga er markert med bokstaven F, som i dette høve står for «argument for ei reguleringsordning». Alle utdraga er nummererte, slik at ein enklare kan finna fram til den utdstrupande forklaringa om utdraga (sjå vedlegg 1). I matrisa er dei fem *kategoriane* lista opp i kolonne, og *haldningane* er markert med kryss i kvar rad. I fyrsteomgang fann eg fire hovudkategoriar, men valde å utforma ein femte oppsamlingskategori som eg har vald å kalla «øvrige tema» I analysearbeidet blei det tidleg klart at argumenta inneheldt haldningar som traff fleire enn ein kategori. Difor viser summen av haldningar talet 33.

Argument	Kategori				
	Useriøse aktørar	Sikkerheit	Kvalitet	Berekraftige arbeidsforhold	Øvrige tema
F1					x
F2					x
F3	x				
F4	x				
F5		x			
F6	x	x	x		
F7	x	x	x		
F8		x			
F9		x	x	x	x
F10			x	x	
F11	x	x	x	x	
F12		x			
F13		x		x	
F14				x	
F15	x				
F16			x		
F17	x		x		
F18				x	
F19				x	

F20					X	
<b>SUM</b>	7	8	7	7	4	33

**Tabell 2** Presentasjon av utdrag og argument for regulering av guidar i naturbasert reiseliv i Noreg.

#### 4.1.1 Kategori 1: Useriøse aktørar i opplevingsbransjen

Åtte av 20 utdrag nemnde useriøse aktørar eller «cowboyar» som verkemiddel i argumentasjonen for ei reguleringsordning. Naturbasert reiseliv er ein av verdas raskast veksande næringar (Fredman, 2017., Fredman og Tyrväinen, 2010., Margaryan, 2016) og på mange område kan det bety at opplevingsbransjen er eit nytt fenomen fleire stader i landet. Nye aktivitetar har kome til og fleire aktørar ynskjer å prøve lykka i reiselivsnæringa, noko som bringer med seg nokre utfordringar for bransjen. To av argumenta, F17 og F7, peikar på at ein rask framvekst av ein bransje kan føra med seg useriøse aktørar;

*«Med økt profilering i en reiselivsbransje som blant annet nordlysguding, øker også turistenes forventinger. Når man parallelt med dette får en økt etablering av tilbydere, vil det komme noen «cowboyer» inn på markedet» (F7).*

*«Når en næring vokser raskt kommer det mange nye aktører uten erfaring og rutiner, og de trenger kompetanseheving og kvalitetssystemer. Som i andre land har veksten i Norge brakt med seg useriøse aktører («cowboyer») som kun er ute etter å tjene raske penger» (F17).*

Den raske framveksten av naturbasert reiseliv har gått i takt med meir generelle samfunnsendringar og megatrendar. Sosiale medium og teknologiske løysingar pregar reiselivsnæringa i større grad enn tidlegare (Elmahdy et al., 2017). Ulike løysingar av applikasjonar har vakse fram og bransjen har gjeve tilbakemelding om at mange er skeptiske til enkelte plattformar. Argument F6 peikar på at det er for enkelt å ta med besøkande på tur og siktar til annonsering av tenester på nye plattformar; «i dag kan hvem som helst annonser sine tjenester, uten verken å være kvalifisert eller ha nødvendig HMS i bunnen».

På same måte møtte applikasjonen «Biaton» motstand i forkant av lanseringa i 2018; «*Plattformer som tilrettelegger for at hvem som helst skal kunne guide naturopplevelser til en hvilken som helst pris, undergraver kvaliteten og sikkerheten i det naturbaserte reiselivet*» (F11). Argumentet får støtte frå fleire hald og utdrag (F15) peiker på at dei useriøse aktørane tilbyr ukritisk deira tenester til utanforståande gjester; «*Utenlandske og norske turister, eller gjester som vi kaller dem, trenger bedre vern mot useriøse aktører, som uten sertifisering eller spesifikk trening ukritisk tilbyr slike tjenester*» (F15).

For å få bukt med dei «useriøse aktørane» har reiselivsklynga Artic-365 (tidlegare Arena Lønnsomme Vinteropplevelser) skrive under på eit opprop frå «bransjen», som krev at myndighetene må inn og regulera for å få bukt med dei useriøse aktørane; «*Vi (Arena Lønnsomme Vinteropplevelser) har prøvd å få norske myndigheter med på en sertifiseringsordning for å få bukt med useriøse aktører, men har ikke nådd frem, sier han*» (F4). Artic-365 har over ein lengre periode vore ein del av «NCE Tourism-programmet», og det er klart at begge klyngene deler same haldning. Det blei lagt fram eit ynskje om strengare krav til bransjen, og bakgrunnen for oppropet er blant anna etterspurnaden etter internasjonal kompetanse;

«*Mangel på lovverk og retningsliner opnar opp for useriøse aktørar i bransjen. NCE Tourism Fjord Norway klynga (NCE T) har etter mange års erfaring med guida aktive opplevingar, identifisert eit stort behov for internasjonalt sertifiserte guidar og strengare nasjonale krav til bransjen*» (F3).

#### 4.1.2 Kategori 2: Sikkerheit i naturbasert reiseliv

Åtte av dei 20 utdraga inneheld argumentasjon som peikar på at kunnskap om sikkerheit blant guidar i Noreg må forbetra. Den mest brukte retorikken i fleire samanhengar er at «*kven som helst kan kalla seg guide*». Både utdrag F11, F8 og F6 peikar på denne problemstillinga; «*Plattformer som tilrettelegger for at hvem som helst skal kunne guide naturopplevelser til en hvilken som helst pris, undergraver kvaliteten og sikkerheten i det naturbaserte reiselivet*» (F11).

I same omgang blir det argumentert for at det er nokre dødsfall knytt til aktivitet i naturen, og at vi ikkje har noko form felles opplæring; «*Fordi vi ikke har det i dag [formalisert guideopplæring] kan hvem som helst ta seg ut i norsk natur, vi har en del dødsfall knyttet til aktiviteter ute i naturen, sier Solheim til NRK*» (F8). I neste omgang blir helse-, miljø og sikkerheit (HMS) trekt fram som verkemiddel i debatten, då mangefull kunnskap eller stygge ulykker kan påverka omdømme til bransjen;

«*For reiselivsnæringen er det helt essensielt å få kvalitetssikret og sertifisert virksomheten, slik at vi blir tatt på alvor. I dag kan hvem som helst annonsere sine tjenester, uten verken å være kvalifisert eller ha nødvendig HMS i bunnen. I praksis er det fritt fram, sier Eriksen til VG*» (F6).

At «kven som helst» kan ta med gjester på tur blir hyppig brukt som argumentasjon for å fremja eit ynskje om standardiserte kurs og felles krav. Utdrag F9 viser til at sikkerheit er ein del av ei større pakke, og at felles krav til guidekompetanse kunne ha auka kvaliteten på pakka; «*Felles krav til guidekompetansen vil kunne gi en konkurranse på samme premisser, en bedre sikkerhetsstyring, økt lokalt natur/kulturvern og kvalitetssikring av reiselivsproduktene. Felles krav til guidekompetansen vil kunne bidra til flere lokalt basert guider*» (F9). Den same retorikken kjem òg fram i utdrag F13, som i tillegg stadfestar at sikkerheit er ei ferskvare, og må difor praktiserast jamleg;

«*Bahr mener at det først og fremst handler om at kompetanse- og sikkerhetsansvaret man tar en utdanning for å ha, skal kunne lønne seg. Samtidig understreker han at sikkerhet er ferskvare og noe man kontinuerlig må jobbe med på flere plan for å opprettholde*» (F13).

Sikkerheitsargumentet blir støtta av Hovudredningssentralen i Bodø, som har sett ei auke i antall oppdrag. Ei auke i oppdrag fører til at sentralen ynskjer eit auka kunnskapsnivå blant guidar, og dei andre som ferdast ute;

*«Det er økt antall oppdrag for Hovedredningssentralen, HRS i Bodø med ulykker i naturen, med ofte utfordrende redningsaksjoner. Vi etterlyser en økt kompetanse blant guider og de som ferdes ute. Vi har ikke tatt det opp direkte, men standardiserte kurs er det et ønske om, sa Bent Inge Jamtli, leder HRS Bodø til [NRK Nordland](#) i oktober» (F12).*

I eit debattinnlegg i Bergens Tidende blei det stilla spørsmål ved om lokalkunnskap er alt som trengs. Det er brei eining i bransjen om at lokalkunnskap er viktig når det gjeld sikkerheitsspørsmålet, men utdrag F5 syner at dette ikkje heldt mål. Dei sertifiserte guidane, særleg dei internasjonalt godkjende, har på generelt grunnlag betre kunnskap og kvalifikasjonar samanlikna med andre guidar ifylgje informanten; «*Skredkurs og opplæring knyttet er grunnlaget for gode veivalg. Sertifiserte guider er godt trent på å forstå skredvarselet, tolke kart og terrenget for å gjenkjenne mulig skredfare. De er også svært godt trent på kameratredning og førstehjelp*» (F5). Dersom uhellet først skulle vera ute, kan det skapa negative ringverknader for opplevingsbransjen. Ulykker kan skada omdømmet til anten bransjen, ein bestemt aktivitet eller til liknande verksemder; «*Skjer det ulykker eller leveres dårlig kvalitet kan det påvirke omdømmet til andre bedrifter*» (F7).

#### 4.1.3 Kategori 3: Kvalitet på produkt i opplevingsbransjen

Sju av 20 utdrag peika på kvalitet eller mangel på kvalitet som eit viktig argument for å innføre ei reguleringsordning. Utdraga fokuserer i størst grad på at kvaliteten i tenesta som blir tilbydd er for dårlig, som i denne konteksten vil vera «ein guida opplevelse». Utdrag F16 og F17 er begge utdrag frå forskar Trude Borch i Nofima, henta frå ulike avisinnlegg. Ho peikar på at kvaliteten er for dårlig på fleire område. Noreg er eit høgkostnadsland og i marknadsføringa legg ein til rette for høge forventningar blant utanlandske turistar. Då er det særleg viktig at kvaliteten står i samanheng med pris og produkt dei kjøper;

*«Det blir stadig flere tilfeller hvor turister klager på opplevelser i Norge. Det kan dreie seg om alt fra dårlige guider til manglende servering. Ikke minst har vi som høgkostland en utfordring i å sørge for at turistene føler at de får en kvalitet som står i forhold til det de har betalt [...]» (F16).*

*«Med økt profilering i en reiselivsbransje som blant annet nordlysguiding, øker også turistenes forventninger. [...]. Dersom dette resulterer i et gap mellom turistenes forventninger og det faktiske tilbuddet, er det på tide å ta grep, sier Borch» (F17).*

Noreg reklamera for kvalitet i alle ledd av reiselivsnæringa, noko som heng saman med at vi blir stadig meir kvalitetsbevisste. Merket «Bærekraftig reisemål» er ein av satsingane i reiselivsnæringa, der merket syner at destinasjonen arbeidar for ein berekraftig destinasjonsutvikling. Kvalitet i næringa er eit av satsingsområda, men det manglar eit system for kvalitetskontroll;

*«Det er på tide at vi tar tak i utfordringene, så vi er rustet til fremtidens kvalitetskrav, og for å etterkomme våre egne ambisjoner om å bli et bærekraftig reisemål. [...]. For å få dette til trenger vi både en standardisert guidekurs, et kvalitetssikringssystem [...] (F10).*

På enkelte område er kvaliteten på reiselivsprodukta og dei guida tenestene for dårlig. I Noreg er kvaliteten for varierande, og difor blir det argumentert for at nivået må hevast. Dette for å unngå at ryktet til Noreg som reisemål, ikkje skal bli svekkja; «*Studier viser at kvaliteten på reiselivet i Norge varier for mye. Nivået må heves og stabiliseres. [...]. Skjer det ulykker eller leveres dårlig kvalitet kan det påvirke omdømmet til andre bedrifter*» (F7). Den same argumentasjonen om kvalitetssikring kjem fram i utdrag F6; «*For reiselivsnæringen er det helt essensielt å få kvalitetssikret og sertifisert virksomheten, slik at vi blir tatt på alvor*».

Retorikken er gjennomgåande; kven som helst kan kalla seg guide. Reiselivsnæringa og opplevingsbransjen er ein av få næringar som «ikkje» har spesifikke krav til kvalitet eller utdanning blant dei tilsette (guidar). I utdrag F9 blir det argumentert for at eit felles krav til guidekompetanse kan gje auka kvalitetssikring og kontroll av produkta ein sel; «*Felles krav til guidekompetansen vil kunne gi en konkurranse på samme premisser, en bedre sikkerhetsstyring, økt lokalt natur/kulturvern og kvalitetssikring av reiselivsproduktene*» (F9). Vidare ser vi at argument F11 peikar på samanhengen mellom utdanning, pris og kvalitet; «*Plattformer som tilrettelegger for at hvem som helst skal kunne guide naturopplevelser til en hvilken som helst pris, undergraver kvaliteten og sikkerheten i det naturbaserte reiselivet*» (F9).

**4.1.4 Kategori 4: Berekraftige arbeidsforhold for guidar i opplevingsbransjen**

Sju av 20 utdrag nemner i sin argumentasjon ein form for berekraftige arbeidsforhold. Tal frå Innovasjon Norge (2018) viser at reiselivsnæringa sysselsett over 160 000 personar, og næringa er ein viktig bidragsytar i den norske økonomien. På trass av ei næringa i vekst, peikar fleire av utdraga i denne kategorien på därlege arbeidsforhold for dei tilsette. I dette tilfelle er det snakk om tilsette i opplevingsbransjen. Felles for utdraga er at ein ynskjer attraktive arbeidsplassar som bidreg til ei styrking av lokalmiljøa på sikt. Utdrag F19 løfter fram ei oppsummering av dei haldningane som har kome fram i kategorien «berekraftige arbeidsforhold». Det blir peika på at naturbasert reiseliv skal vera berekraftig, og dette bør gjelda i alle ledd. Det vil sei at arbeidsforholda og skal vera berekraftig, ved å tilby heilårsarbeidsplassar og lønningar som er mogeleg å leva av;

*«Når vi jobber for at naturbasert reiseliv skal være bærekraftig, så jobber vi for at det skal være mulig å ha det som helårsyrke med lønninger, anerkjennelse og arbeidshverdager som gjør at man kan leve å være guide. Forbundet ønsker ikke å støtte et konsept som tar utgangspunkt i at det skal bli lettere for hermansen å tjene penger på hobbyen sin fordi man synes det er gøy. Det er en foreldet tankegang i fremtidens profesjonelle reiselivsbransje, sier Harr Moen» (F19).*

Utdraga i denne kategorien nyttar argument for at utdanning burde lønna seg. Dersom alle, uavhengig av utdanning kan ta med betalande gjestar på tur til same pris – kvifor skal ein då velja å utdanna seg? Dette retoriske spørsmålet er det fleire som vel å stilla; «*Felles krav til guidekompetansen vil kunne gi en konkurranse på samme premisser, en bedre sikkerhetsstyring, økt lokalt natur/kulturvern og kvalitetssikring av reiselivsproduktene*» (F9). Dei to neste utdraga syner argument som i fyrsteomgang omtalar fjellførarar, tindevegleiarar og guidar i høgfjellet. Fokuset ligg på at ei utdanning burde gje nokre fordelar, til forskjell frå tilbydarar utan «tilstrekkeleg» utdanning. I same omgang inngår det i argumentasjonen at guidar som ikkje er kvalifiserte for jobb i andre land, kan koma til Noreg å tilby sine tenester.

*«Det at folk med lang utdannelse innen fjellføring som regel jobber etter samme priser som folk som gjør det som fritidsoppgave er også en side av saken. Bahr mener at det først og fremst handler om at kompetanse- og sikkerhetsansvaret man tar en utdanning for å ha, skal kunne lønne seg. Samtidig understreker han at sikkerhet er ferskvare og noe man kontinuerlig må jobbe med på flere plan for å opprettholde» (F13).*

*«Noen mener at de faglærte tindeveglederne står i fare for å bli utkonkurrert av de mindre erfarne og rimeligere guidene, og i verste fall blir Norge et dumpingland for fjellguider. Hit kan hvem som helst komme og jobbe som guide, selv med lite erfaring og kompetanse på området, og selv om de er utestengt fra å jobbe i andre land i Europa» (F14).*

Sosiale media og andre digitale løysingar opnar opp for nye mogelegheiter til å selja sine tenester. For nokre kan det vera ein rask og effektiv måte å nå ut til nye eller eksisterande kundar. Dei neste utdragene syner oss at sjølv om det finst mange fordelar med nye teknologiske løysingar, kan det også føra med seg nokre ulemper. Argumentasjonen går ut på at bransjen treng ein berekraftig veg vidare, og den nye applikasjonen Biaton bidreg ikkje positivt. Arbeidsforhold kan bli svekkja, fordi ein ikkje kan konkurrera med slike lågpristilbod; «*Jeg er overrasket og ikke spesielt positivt. Jeg reagerer på målet med hele appen om å legge til rette for et lavpriskonsept i guidenæringen i en næring som trenger økt kompetanse og en bærekraftig vei videre, sier Harr Moen*» (F18). Utdrag F11 fører den same argumentasjonen, og forklarer kvifor det trengs regulerande grep for bransjen;

*«Plattformer som tilrettelegger for at hvem som helst skal kunne guide naturopplevelser til en hvilken som helst pris, undergraver kvaliteten og sikkerheten i det naturbaserte reiselivet. Opportunismen som rår, svekker lønnsomhet og bærekraft. Ønsker næringen og myndighetene å sikre langsiktige ringvirkninger, må regulerende grep til» (F11).*

Utdrag F10 summera opp mykje av det dei fleste argumenta peikar på når det gjeld berekraftige arbeidsforhold; kvalitet, attraktive heilårsstillingar og tariffavtale.

*«Det er på tide at vi tar tak i utfordringene, så vi er rustet til fremtidens kvalitetsskrav, og for å etterkomme våre egne ambisjoner om å bli et bærekraftig reisemål. Vi må gjøre guiding til en karrierevei, ved å skape stillinger som er attraktive og som man kan leve av – 12 måneder i året. For å få dette til trenger vi både en standardisert guidekurs, et kvalitetssikringssystem, og ikke minst et incentiv for arbeidstakere til å bruke tid på dette. Et slikt incentiv kan være en tariffavtale for opplevelsесbransjen» (F10).*

#### 4.1.5 Kategori 5: Øvrige tema

I tillegg til dei fire hovudkategoriane har eg vald å presentera ein samlekategori for to tema som ikkje kvalifiserte til eigen kategori. Det fyrste tema sett sokjelyset på eit tema eg i fyrsteomgang trudde kom til å få stor merksemd, altså den «mjuke» kunnskapen hjå ein guide. Det andre tema tek føre seg kva utanlandske gjestar både er vane med og føretrekker på sine norgesferiar. Fyrst vil eg presentera resultata frå tema om den «mjuke» kunnskapen hjå ein guide, eller eigenskapane om du vil.

*«Guidene må ha solid kunnskap om aktiviteten de driver med. De må også kunne historiene, kjenne stedene og ha lokal natur- og kulturkunnskap. I tillegg må de være gode på formidling, ha språkkompetanse, forståelse for gjestenes kultur og bakgrunn, og vite hvordan man leder en gruppe til minneverdige opplevelser» (F1).*

*«Felles krav til guidekompetansen vil kunne gi en konkurranse på samme premisser, en bedre sikkerhetsstyring, økt lokalt natur/kulturvern og kvalitetssikring av reiselivsproduktene. Felles krav til guidekompetansen vil kunne bidra til flere lokalt basert guider» (F9).*

Tema nummer to i denne samlekategorien omhandlar reiselivsnæringa sin internasjonale marknad. Vi veit frå før at fleire europeiske land har strengare krav til sine guidar. Somme land, slik som Sverige og landa i Alpane, har krav til internasjonalt godkjende tindevegleiarar i alpint terren (Eikje et. al., 2017). USA er eit anna eksempel på land med strengare krav til både guide og den som skal ferdast i blant anna nasjonalparkar (Eide og Borch, 2014). Argumentasjonen i F2 går ut på at Noreg sitt omdømme kan bli svekkja, dersom ein ikkje i større grad fylgjer internasjonale standardar; *«Bransjen sjølv meiner at norske guideutdanningar ikkje har særleg stor verdi ut mot internasjonale gjestar, dersom den ikkje har eit internasjonalt stempel på seg» (F2)*. På den andre sida fryktar ein at for mange ulike formar regulering kan gjera det vanskelegare for dei bevisste gjestane å velja «riktig», då mange gjester ynskjer å velja kvalitetssikra opplevelingar;

*«Jeg tror at per i dag så opplever både internasjonale og nasjonale gjester at det er krevende å navigere i standarder og kompetanseforskjeller i det naturbaserte reiselivet. Mange turister vet ikke nok om hvilken kompetanse de kan/bør etterspørre når de kjøper opplevelser i Norge. Og ja, jeg tror turister bryr seg om både kompetanse, kvalitetssikring og pris. Mange av gjestene som besøker Norge har reist mye i andre land, der bransjen er profesjonalisert i mye større grad» (F20).*

## 4.2 Argument *imot* ei reguleringsordning for guidar i NBR

Under analysearbeidet har eg kome fram til ni utdrag frå åtte ulike tekstar som inneheld argumentasjon imot strengare regulering. Etter å ha analysert innhaldet i dei ni argumenta, har eg kome fram til tre kategoriar som kjenneteiknar innhaldet i dei ulike argumenta. Dei tre kategoriene er fylgjande; sikkerheit, allemannsretten og samlekategorien eg har vald å kalla «øvrige tema». For å framstilla resultata har eg vald å lage ei matrise, for å skaffe best mogeleg oversikt (Tabell 3). Alle utdraga er nummererte og står oppført med bokstaven «M» som i dette høve står for «argument imot ei reguleringsordning». På denne måten kan ein enklare finna fram til meir utdjupande utdrag (sjå vedlegg 1). I matrisa er dei tre *kategoriene* lista opp i kolonne, og *haldningane* er markert med kryss i kvar rad. Under analysearbeidet blei det kjend at argumenta innehaldt haldningar som trefte meir enn ein kategori, og difor viser summen 11 utdrag.

	Kategori		
Argument	Sikkerheit	Allemannsretten	Øvrige tema
M1	X		
M2	X		
M3			X
M4		X	
M5		X	
M6	X	X	
M7	X	X	
M8		X	
M9			X
<b>SUM</b>	<b>4</b>	<b>5</b>	<b>2</b>
			<b>11</b>

Tabell 3 Presentasjon av utdrag og argument *imot* regulering av guidar i naturbasert reiseliv i Noreg.

#### 4.2.1 Kategori 1: Sikkerheit i opplevingsbransjen

Under analysearbeidet kom eg fram til fire utdrag som argumenterte imot strengare regulering av guidar i Noreg, på bakgrunn av sikkerheitsspørsmålet. Hovudargumentasjonen går ut på at det skjer lite ulykker i Norge, knytt til opplevingsbransjen og særleg få ulykker med norske guidar. Utdrag M2 sett sokelys på at ulykkesstatistikken syner oss at dagens bransjenorm i høve guidar i opplevingsbransjen er tilfredsstillande; «*De «lave» ulykkestallene bekrefter at reiselivsnæringen allerede har bransjenormer som langt på vei håndterer sikkerheten på en tilfredsstillende måte»* (M2). Det same argumentet kjem fram i utdrag M1, men med ei litt anna vinkling. Her stadfestar informanten at sikkerheit kan vera eit godt argument for strengare regulering, men syner samtidig til at sikkerheita verkar å vere ivaretatt i dag; «*Det finnes gode argumenter for kontroll og sertifisering. Gjestenes sikkerhet er ett av dem. Men med så lave ulykkestall er det forståelig at myndighetene ikke ønsker å iverksette ressurskrevende kontroll- og sertifiseringsordninger»* (M1). Det må presiserast at utdrag M1 og M2 er haldningar frå same person, og frå same artikkel. Eg har likevel vald å ta med begge argumenta, fordi utdraga syner ulike nyansar i same kategori.

I utdrag M6 blir argumentasjonen tatt eit steg vidare. I dei to førre utdraga såg vi at ulykkesstatistikken syner oss at dagens situasjon kring bransjenorm er tilfredsstillande. Det vil sei at slik systemet er lagt til rette for i dag, fungerer, ifylgje informanten. Det blir vidare argumentert for at verksemder som sel guida turar, nyttar seg av kvalifisert personell etter produktkontrolloven; «*I Norge har vi allerede et lovverk som stiller krav om at tilbydere av «forbrukstjenester», også innenfor friluftslivet, skal benytte personell med nødvendig kompetanse og kvalifikasjoner. Ulykkesstatistikken tyder på at norske tilbydere håndterer dette på en tilfredsstillende måte»* (M6).

Det siste tema tek føre seg eit anna fokus når det gjeld sikkerheitsargumentet. Utdrag M7 peikar på ansvaret forbrukaren sjølv har når ein kjøper eit produkt eller teneste. Produktkontolloven (1996) gjer greier for at eg som forbrukar har eit ansvar om å skaffe oversikt om eg har nok ferdigheiter til å delta på ein eventuell topptur med guide.

Informanten argumenterer vidare for at strengare regulering, eller større statleg styring kan føra til at vi som forbrukarar får servert informasjon og kunnskap på «sølvfat»;

*«Flytter man ansvaret for folks sikkerhet i naturen over på det offentlige, eller over på ulike organisasjoner, gjør man folk flest en bjørnetjeneste. Folk vil trolig bli enda mer skjødesløse, enda dårligere forberedt, og mindre vant med å ta ansvar for seg og sine ute i naturen. I neste omgang vil det inntreffe flere ulykker, ikke færre» (M7).*

#### 4.2.2 Kategori 2: Utdanning i allemannsrettens ånd

Kategorien «allemannsretten» blei brukt som argument i fem av 10 utdrag. Dei største linjene handlar om at nordmenn tradisjonelt har blitt opplært i «allemannsrettens ånd». Kunnskap om å ferdast i naturen har blitt vidareført i generasjonar, og allemannsretten står sterkt i Noreg. I utdrag M8 blir det argumentert for at regulerande tiltak kan svekkja allemannsretten; *«Allemannsretten sikrer jo nettopp retten til fri ferdsel, mens økt regulering begrenser denne retten»* (M8). Det blir peika på at ulike utdanningsinstitusjonar utdanner gode representantar for allemannsretten, og at denne opplæringa er i tråd med dei krava som kjem fram av internkontrollforskriften (1996); *«Yrkesutøvere med nødvendig kompetanse og kvalifikasjoner utdannes, i allemannsrettens ånd, innenfor en rekke utdanningsinstitusjoner i Norge i dag»* (M4). Forfattaren av M4 har i fleire andre debattinnlegg skrive om den same argumentasjonen kring utdanning i allemannsrettens ånd, slik som i utdrag M6;

*«I Norge har vi allerede et lovverk som stiller krav om at tilbydere av «forbrukstjenester», også innenfor friluftslivet, skal benytte personell med nødvendig kompetanse og kvalifikasjoner. Ulykkesstatistikken tyder på at norske tilbydere håndterer dette på en tilfredsstillende måte. Yrkesutøvere med nødvendig kompetanse og kvalifikasjoner utdannes, i allemannsrettens ånd, innenfor en rekke utdanningsinstitusjoner i Norge i dag»* (M6).

Det siste tema handlar om kompetansen om «å ferdast i naturen», som har blitt formidla i generasjonar. Det første utdraget (M5) argumentera for at strengare regulering kan utfordra allemannsretten, ved å setja begrensningar på kven som kan gjera kva og kor. Det andre utdraget (M7) argumenterer for at om det offentlege får større ansvar, kan vi risikera å mista viktig kunnskap vi er opplært til, i allemannsrettens ånd. I staden for å innføra regulerande grep, kan ein ifylgje kjeldene fokusera på informasjon, kommunikasjon og utdanning av dei betalande kundane. Utdrag M5 og M7 peikar nettopp på balansen mellom ansvar for eige sikkerheit, allemannsretten og kva kunnskap ein burde ha for å ferdast i blant anna fjellet;

*«Gundersen mener det er lite ønskelig å pålegge folk for mange restriksjoner i naturen. «Jeg synes jo som i mange andre tilfeller at å opplyse folk om farene som er i fjellet er en mye bedre vei å gå. En av de tingene som gjør det å gå på ski til en lidenskap er å kunne ferdes fritt, mener hun» (M5).*

*«Flytter man ansvaret for folks sikkerhet i naturen over på det offentlige, eller over på ulike organisasjoner, gjør man folk flest en bjørnetjeneste. Folk vil trolig bli enda mer skjødesløse, enda dårligere forberedt, og mindre vant med å ta ansvar for seg og sine ute i naturen. I neste omgang vil det inntreffe flere ulykker, ikke færre» (M7).*

#### 4.2.3 Kategori 3: Øvrige tema

Kategorien «øvrige tema» er ein oppsamlingskategori, på same måte som ved argument for ei reguleringsordning. Eg har vald å ta med to utdrag, for å fremja tema som kan vera nyttige å ta med i ein offentleg debatt kring regulering av guidar i Noreg. Det første tema handlar om kva formar for eigenskapar ein guide burde ha, og det andre tema om at mange lokale sertifiseringsordningars kan medføra forvirring. Utdrag M3 peikar på at dei personlege eigenskapane hjå ein guide er viktigare enn om guiden er sertifisert eller ikkje. Til sist blir det fremja at det ikkje finst bevis for at sertifisering har noko effekt; «*Jeg vil si at personlige egenskaper ved en guide er viktigere enn at vedkommende er sertifisert eller ikke. Det finnes ikke dokumentasjon på at sertifisering virker» (M3).* Utdrag M9 syner oss ein argumentasjon mot lokale ordningar for guidar. Det vil sei områdespesifikke sertifiseringsordningars, som har vore diskutert i fleire høve. Svalbardguide eller nasjonalparkguide er eksempel på slike ordningar som kan bli aktuelle;

*«En felles bekymring for alle som er opptatt av kvalifiserende løp eller utdanning i friluftsliv burde være ulike regionale «sertifiseringer», enten det er «svalbardguide» eller «nasjonalparkguide». Det kan ikke ende slik at en skal ha en områdespesifikk godkjenning for hver enkelt region eller fjelltopp» (M9).*

## 5. DISKUSJON

### 5.1 Argument for ei reguleringsordning for guidar i NBR

#### 5.1.1 Kategori 1: Cowboyar og digitale løysingar skapar utfordringar

I kategorien «useriøse aktørar» med argumentasjon for strengare regulering blir det argumentert for to tema; Rask framvekst av ein bransje og enkle digitale løysingar. Desse tema er hovudfunna i denne kategorien. I fyrsteomgang skal vi sjå nærmare på tema om ein bransje i rask framvekst, og naturbasert reiseliv som den raskast veksande næringa i verda (Fredman, 2017., Fredman og Tyrväinen, 2010., Margaryan, 2016). Argumentasjonen som blir brukt om at ein bransje i rask vekst kan føra med seg «cowboyar», ser ut til å kunne samsvara med resultata frå eit av forskingsprosjekta i BIOTOUR. I 2013 og 2017 blei det sendt ut spørjeskjema til alle naturbaserte reiselivsverksemder i Noreg, og rapporten viser at fleire av verksemndene frå 2013 var lagt ned (Stensland et al., 2018). I så tilfelle kan det tyda på ein tøff marknad, og kanskje desse «cowboyane» blir luka ut undervegs. Det treng likevel ikkje å bety at sjølve verksemda er useriøs, men at det er snakk om ei bedrift som ynskja raske løysingar og å tena raske pengar. Det er nettopp i slike tilfelle informantane ynskjer å innføra reguleringsordningar, for å unngå aktørar som nyttar seg av dei raske løysingane. På same side er det få som kjem med konkrete eksempel om kva dei «useriøse aktørane» gjer for å framstå som cowboyar. Dersom det manglar konkrete eksempel kan det vera grunn til å tru at dei fyrste verksemndene som etablerte seg på staden, ynskjer å ha området for seg sjølv. På ei anna side ser ein at det i BIOTOUR-rapporten var vanskeleg å spora opp dei ulike naturbaserte reiselivsverksemndene (Stensland et al., 2018). Det tydar på at det ikkje finst gode nok system som fangar opp når nye tilbydarar etablerer seg og på denne måten er det vanskelegare å føra tilsyn med «cowboyane».

Det blir stadig enklare å tilby sine tenester, som blant anna ein guida tur, på grunn av dei stadig nye teknologiske løysingane (Elmahdy et al., 2017). Den digitale applikasjonen «Biaton» er eit eksempel på ein rask måte å informera potensielle kundar om ein guida tur i nærområdet. Argumentasjonen syner ei misnøye med at aktørar som guidar turar på fritida, har mogelegheit til å ta lågare pris enn verksemder som arbeider med guiding på heiltid. På denne måten kan «hobby-guiden» konkurrera ut dei «seriøse».

Det treng likevel ikkje å bety at hobby-guiden er därlegare enn andre, snarare tvert imot. Den lokale hobby-guiden kan ha andre eigenskapar som blir sett på som viktigare, så lenge sikkerheita er ivaretatt (Randall og Rollins, 2009). I dette høve kan det diskuterast om det i Noreg ikkje trengs eit breitt utval av tilbydarar, med ulike personlege eigenskapar og praktiske ferdigheter. Alle verksemder skal uansett retta seg etter internkontrollforskrifta og produktkontrolloven – anten du arbeidar guide på heil- eller deltid (Internkontrollforskriften, 1996 og Produktkontolloven, 1976). På den måten kan kundane få større valfridom. På butikken, vel du grøne bananer frå First Price eller gule frå Bama?

### 5.1.2 Kategori 2: Er sikkerheita i naturbasert reiseliv god nok?

I kategorien «sikkerheit» blir det argumentert for at *kven som helst kan kalla seg guide* og at *omdømme* til bransjen kan bli svekkja ved ulykker. Difor er det fremja eit ynskje om felles krav til utdanning for dei som skal guida turar i Noreg. Frå før veit vi at sikkerheit ofte er hovudmotivasjonen for å leiga ein guide (Tangeland, 2011., og Rebelo et al., 2017). Den mest brukte retorikken går ut på at «*kven som helst*» kan starta eige firma, og guida ein tur i den norske fjellheimen. Difor er det i fyrsteomgang relevant å sjå på *om kven som helst faktisk kan starte eiga verksemd*. Gjeldande lovverk på området viser til at den som er ansvarleg for verksemda skal sørge for at det blir gjennomført internkontroll etter Internkontrollforskrifta (1996, §5). Då skal det dokumenterast at HMS-arbeidet er tilpassa verksemda sin aktivitet, samd relevante kompetansebevis og sertifikat skal leggjast fram (Internkontrollforskriften, 1996, §5 nr. 6). Kva kompetanse som er relevant for den bestemde aktiviteten blir difor opp til verksemda å vurdera. Internkontrollforskrifta er gjeldande for dei verksemndene som er omfatta av Produktkontolloven (Internkontrollforskriften, 1996, §2). Det vil sei at det i dag finst *felles krav* til guidar i naturbasert reiseliv i Noreg. Dersom det skulle oppstå ei ulykke vil den ansvarlege for verksemda måtte visa til kompetanse i form av sertifikat, eller lang erfaring med aktiviteten. På same tid må innehavar visa til at verksemda har opptråd aktsamt (Produktkontolloven, 1996, §3). Guide, eller verksemda vil stilla sterkare juridisk dersom desse krava er oppfylt, då mykje av ansvaret ligg på den betalande kunden (Wangberg, 2017). På bakgrunn av dette vil eg argumentera for at ulike kurs ikkje er ein garanti for at deltakarane sit att med same kunnskap.

«Heile pakka» som eg har vore inne på består av fleire menneskelege faktorar som nødvendigvis ikkje kan lærast gjennom tau-tekniske kurs. Med det så meiner eg «dei harde eigenskapane» hjå ein guide, altså praktiske ferdigheter knytt til ein bestemt aktivitet (Mykletun, 2018). Alle menneske har ulikt innhald i ryggsekken og det vil difor vera vanskeleg å vise til same kunnskap eller «felles krav» - som blir etterspurd. På den andre sida kjem det fram i resultata eit viktig poeng når det gjeld å oppretthalde kunnskapen, og jamleg praktisera sine ferdigheter. Difor vil eit kurs eller utdanning bidra til ein kompetanseheving for den enkelte guide.

I utdraga dreier det andre tema seg om «felles krav» til utdanning for guidane. Kategorien «berekriftige arbeidsforhold» kjem til å ta føre seg tematikken i større grad, men det blir nemnd at sertifiserte guidar er betre kvalifisert for å gjennomføra krevjande turar. Det finst likevel lite forsking som tydar på at sertifisering av guidar ser ut til å auka sikkerheita i ein bestemt aktivitet (Attarian, 2016, s. 194). Kanskje ein i større grad burde sjå til argumentet frå HRS Bodø «vi etterlyser økt kompetanse blant guidar og de som ferdes ute» (F12). Det blir ikkje presisert kven som burde auka kompetansen sin, men at det på generelt grunnlag burde gå føre seg ein kompetanseheving blant dei som ferdast i norsk natur.

Produktkontrolloven presiserer at forbrukaren skal visa aktsemd ved nyttig av tenesta eller produktet (ein guida tur) (Produktkontolloven, 1976, §3 annet ledd). Det betyr at forbrukaren har eit ansvar for å sjølv vurdera eigne ferdigheter knytt til aktiviteten. På den andre sida pliktar verksemda å gje forbrukaren tilstrekkeleg med informasjon, slik at dei nettopp kan vurdera risikoene ved ein bestemt aktivitet (Produktkontolloven, 1976, §3 femte ledd). Det er rimeleg å tru at dess fleire menneske som ferdast i naturen, dess fleire ulykker kan oppstå. Informasjonsflyten mellom verksemda og forbrukaren kunne til fordel fått større merksemd, slik at vurderingar kring kunden sin erfaring og ferdighet lettare kom til syne. På same tid kunne kunden i større grad sjølv vurdera om dei like stor grad er villig til å ta risikoene ein aktivitet medfører.

«Omdømme til bransjen kan bli svekka dersom det oppstår mange ulykker». Dette er tredje og siste tema i kategorien om «sikkerheit». Det blir altså argumentert for strengare regulering på grunn av sikkerheita, for å unngå at fleire ulykker skapar negativ omtale om opplevingsbransjen. I fyrsteomgang kan ein sjå at argumentasjonen har forankring i ein studie gjennomført av Eide og Borch (2014). Studien viste at ulykker kan skapa negative ringverknader for verksemda, eller ein bestemt bransje. Studien underbyggjer påstanden om at fleire ulykker kan medføra strengare lovar og reglar. Eit konkret eksempel er då «Forskrift om sikkerheit ved rafting» (1994) blei innført på grunn av fleire dødsulykker. På den andre sida er det lite som tydar på at vi har hatt ein auke i antall ulykker dei seinare åra, sjølv om det er fleire som utøver naturbasert reiseliv. I somme tilfelle er det difor grunn til å tru at ein brukar argument om sikkerheit, for å fremja andre tema. Utdrag F8 nemner at «vi har en del dødsfall knyttet til aktiviteter ute i naturen». Argumentet er svært lite konkret, men for den utrente leser kan ein enkelt forstå det slik at sikkerheita ikkje er god nok, og at det oppstår ulykker som ein direkte konsekvens av dette. Manglande sikkerheitsrutinar, eller i verste fall dødsfall i naturen er noko folk er opptekne av, og difor svært aktuelt for media å skrive om. På denne måten klarar ein då å fremja argument for strengare regulering av guidar.

**5.1.3 Kategori 3: Kvalitet og pris på produkt og tenester samsvarar ikkje**  
Kategorien «kvalitet» tek føre seg tre hovudtema; kundane sine bevisste val kring kvalitet, behovet for eit kvalitetssikringssystem og omdømme til reiselivsnæringa. I fyrsteomgang kan vi sjå at vi blir stadig meir opptekne av å få «valuta for penga», det vil sei at vi ynskjer kvalitet på dei produkta elle den tenesta vi betalar for (Elmahdy et al., 2017, s. 28). Det same gjeld opplevelingane vi ynskjer å skape når vi har ferie og er på reise. «Turistundersøkelsen 2018» gjennomført av Innovasjon Noreg (2018) syner oss at kvaliteten på reiselivsprodukta ikkje er foreinleg med prisen. Tala i rapporten peikar på at fleire utanlandske gjestar er misfornøgde med produkta dei betalar for. Dersom utanlandske gjestar har høge forventningar før dei kjem, og kvalitet og pris ikkje heng saman, kan Noreg sitt omdømme som attraktivt reisemål på sikt bli svekka (Eide, 2016). Som vi veit frå før er kvalitet ein subjektiv oppfatning og blir vurdert av den enkelte gjest.

I lys av problemstillinga og argumentasjonen *for* ei reguleringsordning, kan tenkast at kvaliteten på enkelte guida turar ikkje heldt mål. Difor blir det argumentert for at det trengs standardiserte kurs eller sertifiseringsordningar. Det kan vera fleire ulike årsaker til at kundane meiner at kvalitet og pris ikkje heng saman. Ein av årsakene kan vera måten Noreg marknadsfører seg sjølv, noko som kan bidra til at dei besøkande sine forventningar aukar på førehand. Desse funna samsvarer med studiet gjennomført av Roknes et al., (2015) der det blei konkludert med at kundane forventar at guiden blant anna har lokal natur- og kulturkunnskap. Det er nærliggjande å tru at kunden forventar «noko meir» enn å bli køyrd ut i «villmarka» for å sjå nordlyset gjennom kameralinsa.

Det er nødvendigvis ikkje noko automatikk i at sertifisering av guidar automatisk fører til heva kvalitet. I somme tilfelle er det like greitt dei personlege eigenskapane hjå guiden som slår an hjå kunden. På same tid vil vi stadig vera på jakt etter autentiske opplevingar (Elmahdy et al., 2017, s. 28., Curtin og Kragh, 2014), og i mange tilfelle vil det vera fordelaktig om guiden er lokal eller frå same region som ein besøkjer, då opplevinga kan stå fram som meir autentisk. Sjølv om personlege eigenskapar og autentiske opplevingar står høgt, kjem ein ikkje unna at å halde seg oppdatert i yrket sitt er bra, uansett bransje. Vidareutdanning, kurs eller fagseminar er vanleg i andre yrke, og kanskje det er dette argumentet ein må bruka som trumfkort for strengare regulering?

**5.1.4 Kategori 4: Eit berekraftig reiseliv krev berekraftige arbeidsforhold**  
Kategorien berekraftige arbeidsforhold tek føre seg fleire tema som blant anna dreier seg om betre lønns- og arbeidsvilkår. Nye digitale løysingar og utfordringar knytt til Noreg som dumpingland er hovudargumentasjonen i denne kategorien. I fyrsteomgang dreier argumentasjonen seg om at utdanning burde lønna seg. Ifylge informantane kan ein ved kurs eller sertifisering i ettertid konkurrera om kundane på same premiss. Nokre av utsegna heng saman med at det i dag er enkelt å selja sine tenester via ulike digitale applikasjonar, slik som Biaton. Her kan «hobby-guiden» tilby sine tenester til same eller lågare pris, samanlikna med dei guidane som arbeidar med turar på heiltid.

Eit regulerande grep myndigkeitene kunne ha føretatt seg, utan at det i større grad påverkar det praktiske arbeidet, kan vera å fremja eit intensiv om ein tariffavtale for reiselivsnæringa og opplevingsnæringa. Noreg arbeidar som kjent allereie med å etablera fleire heilårsarbeidsplassar (Nærings- og fiskeridepartementet, 2017), og ein kombinasjon med tariffavtale hadde vore fordelaktig på fleire måtar. For det første kunne ein tariffavtale ha fått stoppa det negative ryktet bransjen har på seg når det gjeld arbeidsforhold. Det er kjend at mange nordmenn ikkje ynskjer arbeid i reiselivsnæringa fordi det ofte er lange arbeidsdagar, låg lønn og ugunstige arbeidstider. For det andre kunne ein tariffavtale ha medført ei auke i norsk arbeidskraft, som igjen bidrar til å aule den lokale verdiskapinga i norske regionar. Til sist vil det fortsett vera mogeleg for hobby-guiden å tilby sine turar, og kunden har då større valfreiheit, så lenge sikkerheita stadig blir ivaretatt. Det er faktisk slik at mange guidar i dag er sjølvlærte, eller har ein unik kunnskap om lokalmiljøet og kan difor fungera utmerka som guide på enkle turar. Eg vil difor argumentera for at å ta ei utdanning burde lønna seg, og på denne måten fått vekk haldningane mot «hobby-guiden» som opererer på same felt, til nesten same pris. På denne måten hadde marknaden blitt breiare og kundane hadde fått større valfreiheit.

Tredje og siste tema som blir framheva er at Noreg, «utan reglar», risikerer å bli rekna som eit dumpingland. Det vil sei at utanlandske guidar som ikkje er kvalifiserte til å arbeida i sine heimland kan koma til Noreg og ta med seg gjestar. Her kan ein skilja mellom tilsette i norske verksemder, eller utanlandske guidar med enkeltmannsføretak. I fyrsteomgang ser det ut til at debatten dreier seg om utanlandske guidar som arbeider i høgfjellet, og har med eigne gjestar. Desse guidane må forholda seg til same regelverk som allereie gjer seg gjelande her i Noreg, nemleg Produktkontolloven og Internkontrollforskrifta (1976 og 1996). På den andre sida har eg gjennom erfaring sett ein praksis i raftingverksemder som ikkje er særleg berekraftig. «Forskrift om sikkerheten ved rafting» (1995, §10) sei at den ansvarlege for verksemda skal sørge for at guidar har nødvendig kompetanse. Nødvendig kompetanse blir vurdert ved hjelp av skjønn. Mange verksemder tolkar lova slik at det er opp til den enkelte bedrift å vurdera om personalet er kompetente nok eller ikkje.

Difor har eg sett eksempel på guidar som må arbeida ein prøveperiode på opptil to månadar utan lønn, fordi innehavar argumenterer for at det er så lang tid ein treng for å opparbeida «nødvendig kompetanse». Eg vil difor argumentera for at i somme tilfelle kan Noreg oppfattast som eit dumpingland, då enkelte arbeidsforhold ikkje er særleg berekraftig.

### 5.1.5 Kategori 5: Øvrige tema

I kategorien «øvrige tema» blei det presentert to tema som i fyrsteomgang handla om kva eg trudde kom til å bli viktig i analysearbeidet. Tema dreia seg om den «mjuke» kunnskapen hjå ein guide. Det andre tema peika på argumentasjon om at Noreg kan tapa ansikt, dersom ein ikkje følgjer internasjonale standardar. I analysearbeidet kom eg over utdrag F1 som svært beskrivande set ord på kva kvalitetar ein guide burde ha for å heva kvaliteten på ei oppleving. Kvalitetane som blir beskrive er i all hovudsak «mjuk kunnskap», samanlikna med meir praktisk kunnskap, slik som korleis ein skal halde padleåra for å svinge mot venstre. På førehand var eg sikker på at den «mjuke» kunnskapen kom til å bli satt søkjelys på, slik som utdraget F1 syner, fordi mykje av friluftslivsteori byggjer på menneskelege faktorar. Likevel kvalifiserte ikkje eigenskapane hjå ein guide til ein eigen kategori. Slik eg ser det er det primært *ein* årsak til at personlege eigenskapar i mindre grad blir nemnd, og det er at ein slik form for kunnskap er vanskelegare å måla eller talfesta. Det vil sei at retorikken i den offentleg debatt blir for vag om ein nyttar eigenskapane hjå ein guide som argument for strengare regulering. Då er det sikkert å leggja fram ulykkestal som skapar overskrifter og gjev større merksemd. Trass i at eigenskapane hjå guiden har fått lite merksemd i resultatet av denne studien, er det grunn til å tru at desse kvalitetane er viktigare enn ein skulle tru. Dette samsvarar med studien av Carlson (1997) som syner oss at guiden er ein tilretteleggjær for den gode opplevinga. Sjølve opplevinga er sjølvkonstruert, med påverknad frå menneska og miljøet rundt deg.

Tema som omhandlar dei utanlandske gjestane sine vaner frå heimlandet er komplekst. På den eine sida er mange besøkjande frå andre land vane med strenge reguleringar knytt til opplevingsbransjen. Slik som ved besøk i amerikanske nasjonalparkar, eller ved ulykker på offentleg plass eller organisert aktivitet (Wangberg, 2017).

Argumenta i studien ynskjer strengare regulering, fordi utan internasjonale «stempel» kan ein tape ansikt mot internasjonale besøkjande. På den andre sida blir det hevda at turistane er bevisste på kva tenester ein ynskjer å kjøpa, men for mange stempel eller merkeordningar kan skapa forvirring – noko som samsvarer med resultata frå studien til Eide og Borch (2014). Samla sett hadde det vore fruktbart om Noreg førte ein raud tråd i merkesystema sine, slik at betalande gjestar enklare kunne orientera seg. Når det gjeld merkeordningar for guidar i naturbasert reiseliv, kunne det til fordel vore større openheit kring kva utdanning/sertifisering/kurs guiden har.

## 5.2 Argument *imot* ei reguleringsordning for guidar i NBR

5.2.1 Kategori 1: Sikkerheita i naturbasert reiseliv er tilfredsstillande  
Kategorien «sikkerheit» er i fyrsteomgang den kategorien som går igjen, både i argumentasjon *for* og *imot* ei reguleringsordning for guidar. Argumentasjon kring sikkerheit er eit retorisk verkemiddel, og representerer den «harde» kunnskapen hjå ein guide. På den eine ser ein at informanten i frå utdrag M1 og M2 er eining med at det finst mange gode argument for strengare regulering, men på den andre sida er ikkje sikkerheit eit av dei argumenta. Det blir konstatert «lave ulykkestal» i reiselivsnæringa, men kven som har rett til å vurdera om tala er lave eller ikkje kan diskuterast. Dersom vi seier oss nøgd med at ulykkestala i norsk reiselivsnæring er låge, kan argumenta imot reguleringsordninga i kategorien sikkerheit, gjera seg gjelande. Dei føringane som ligg til grunn for guideverksemder i dag, ser ut til å ha ein preventiv effekt. Likevel har hovudredningssentralen i Bodø merka ei auke i antal redningsoppdrag, noko som kan tyda på at endringar er på veg (F12). Samstundes blir det uttalt at HRS Bodø ynskjer auka kunnskap blant guidar og «dei som ferdast ute». Ein slik retorikk tyder på at det ikkje finst klare registreringar for ulykkesstatistikkar i Noreg, altså om ulykker skjer med eller utan guide. Ei heller om det er snakk om lokale eller tilreisande, norske eller utanlandske guidar. Vi veit frå før at hovudmotivasjonen for å leiga ein guide i stort grad handlar om sikkerheit (Rebelo et al., 2017, og Roknes et al., 2015). Difor burde ein i større grad undersøkja om ulykkene som skjer i naturbasert reiseliv i Noreg, oppstår med eller utan guide.

Andre årsaker til å leiga guide handla nettopp om at kundane føler kunnskapen deira ikkje er tilstrekkeleg, medan andre leiga guide for å gjennomføra aktiviteten på ein mest mogeleg «gøy og effektiv» måte (Roknes et al, 2015). Å kjøpe seg til kunnskap samsvarar med forskinga på megatrendar gjennomført av Elhmady et al. (2017), som peikar på at kunnskapen ein tidlegare fekk frå primærrelasjonane i dag blir formidla av andre basisinstitusjonar (Grimen, 2004, 40). Ved å regulera bransjen ytterlegare, blir det argumentert mot at vi gjer «dei som ferdast ute» ein bjørneteneste. Dersom kunnskap i «allemandsrettens ånd» er på veg til å visna vekk, kan denne prosessen skje raskare om verksemder i naturbasert reiseliv får større ansvar (regulering knytt til sikkerheit) enn i dag. Frå før har verksemdene som sel forbrukartenester i form av guida turar eit viktig verkemiddel i sin informasjonsplikt, altså plikt til å opplyse om risikoene ved aktiviteten (Produktkontrolloven, 1976, §3 femte ledd). På same måte har forbrukaren sjølv eit ansvar for å sørge for at dei er skikka til å delta på den bestemde aktiviteten (Produktkontolloven, 1976, §3 andre ledd). Det ville difor vera fordelaktig om ein fekk til ein større transparens mellom verksemd og kunde, slik at dei menneskelege faktorane i større grad hadde kome til syn i forkant av turen.

### 5.2.2 Kategori 2: Utdanning i «allemandsrettens ånd»

Blant argumenta imot ei reguleringsordning blei allemandsretten framheva fem av 10 gonger. Hovudargumentasjonen dreier seg om at strengare regulering av guidar kan medføra at allemandsretten blir svekkja. På den eine sida vil reglar om kven som kan gjera kva i naturen, gå på bekostning av allemandsretten. På den andre sida kan det vera at allemandsretten, som alle oss andre, har godt av fornying i takt med samfunnsendringane (Elmahdy et al., 2017). Kunnskapen vi fekk ved å nytta naturen på ein berekraftig måte, er i ferd med å visna vekk i takt med sentralisering og ein stadig aldrande generasjon (Elmahdy et al, 2017). At vi har vakse opp med å tileigna oss kunnskap i «allemandsrettens ånd» kan gjerne diskuterast, men at denne kunnskapen i mindre grad blir internalisert gjennom oppveksten sår det liten tvil om (Grimen, 2004, s. 40).

For mange er det nettopp det å kunne ferdast fritt som gjev den største glede. Eg vil difor argumentera for at det nødvendigvis ikkje er regulerande tiltak, men gradvis manglande kunnskap som utfordrar allemannsretten. Vi veit frå før at myndighetene er villig til å gjera regulerande grep, dersom det oppstår fleire eller alvorlege ulykker (Forskrift om sikkerheten ved rafting, 1994). Fleire nordmenn manglar kunnskap om å ferdast i naturen, og stadig fleire utanlandske turistar kjem til Noreg. Ein kan spørja seg om det er ein allemannsrett å nå alle toppar ein ynskjer uansett høve. Dagens utdanningsinstitusjonar utdanner nettopp yrkesutøvarar i allemannsrettens ånd, og kanskje det er her nykelen ligg. I staden for å setja begrensingar på kven som kan guida turar kvar, kan ein større grad leggja vekt på at guiden kan vera ein god representant for å formidla kunnskap om nettopp allemannsretten. Denne kunnskapsformidlinga gjer seg i stort grad gjeldande for norske kundar, men allemannsretten kan og vera av internasjonal interesse som norsk kulturarv. Guiden har kanskje ein allemannsplikt til å opplysa og informera kundane sine om korleis vi gjer det i Norge, og kva forutsetningar som trengs for å delta på aktiviteten. Denne allemannsplikten til informasjon finn ein blant anna i Produktkontolloven (1976, §3 andre ledd).

### 5.2.3 Kategori 3: Øvrige tema

I kategorien «øvrige tema» har eg vald å fremja to tema som elles ikkje fekk plass i dei to andre kategoriene. Utdraga har fått plass fordi eg ynskja å belysa andre tema som ein del av argumentasjonen imot strengare regulering. Det første tema handlar om dei personlege eigenskapane hjå ein guide. Denne tematikken blei diskutert i same kategori (øvrige tema) under argumentasjonen *for* ei reguleringsordning. Då kom eg fram til at eigenskapane hjå ein guide er viktigare enn ein trur, så langt sikkerheita er ivaretatt. Dette samsvarar med studien av Randall og Rollins (2009), som i tillegg peikar på at kvart kundesegment burde vurderast for å sjå kva eigenskapar som gjer seg gjelande for dei. Det er likevel interessant å sjå at tematikken rundt eigenskapane hjå guiden går igjen, både i argument *for* og *imot* regulering. Ein av årsakene kan vera at nokre av eigenskapane kan lærest eller trenast opp. Eit eksempel er at ein i fyrsteomgang kan læra seg natur- og kulturhistoria frå ein bestemd stad, før ein kan øva på å formidla kulturhistorie for gjestane. På same tid kan framføringa stå fram som meir autentisk dersom ein i Lofoten, møter ein lokal kjentmann med dialekt, samanlikna med ei svensk guide som har lært seg manus.

I utdrag M3 blir det fremja at det ikkje finst bevis for at sertifisering verkar, og argumentet blir underbyggja av studien (Attarian, 2016, s. 193) I mange tilfelle vil det som nemnd vera fordelaktig å halde kunnskapen ved like, og det same vil vera gjeldande for både «harde» og «mjuke» eigenskapar hjå guiden. Om det ikkje er gjennom sertifiseringsordningar, men i tilfelle på kurs, konferansar eller andre aktuelle bransjemøter.

Det andre tema i kategorien «øvrige tema» omhandlar områdespesifikke merkeordningar. Utdraget peikar på at dei som har interesser for kvalifiserande løp/utdanning innan friluftsliv, burde vera skeptiske til regionale sertifiseringar. Medan det i argumenta for strengare regulering blei sett lys på at for mange ulike reguleringsløysingar kan skapa forvirring og usikkerheit blant dei betalande gjestane, blei det likevel fremja eit ynskje om meir kontroll, fordi gjestane er opptatt av kvalitet og kontroll. Argumentet om at mange sertifiseringsordningar kan verka forvirrande blir støtta av studien frå Eide (2016). Eg vil argumentera for at ulike «titlar» kan ha positiv effekt i ein marknadsføringssituasjon, slik som nasjonalparkguide. Det er ikkje einstydande med at guiden må ha ein spesiell kompetanse for å søkja stillinga, men at søkeren får god intern opplæring. Personlege eigenskapar samd grundig intern opplæring, trur eg, kan ha vel så god effekt som eit standardisert kurs. På den andre sida finst det enkelte situasjonar eller lokale forhold som krev ekstra kompetanse. Då er «svalbardguide» eit typisk eksempel. Utan å gå for langt inn på den debatten, kan ein argumentera for at Svalbard sitt unike klima er ekstra utfordrande og difor krevst det standardiserte kurs, for å sikre lokalt natur- og kulturvern.

## 6. KONKLUSJON

---

Målet med denne studien har i fyrsteomgang vore å sjå på spørsmålet; «*Trengs det ei reguleringsordning for guidar i det naturbaserte reiseliv i Noreg?*». For å gje svar til problemstillinga har eg utarbeidd forskingsspørsmål 1; *Kva argument talar for og kva argument talar imot ei reguleringsordning for guidar i det naturbaserte reiseliv i Noreg?* Ved hjelp av metoden kvalitativ innhaltsanalyse har eg analysert argumenta i lys av det teoretiske rammeverket. På denne måten har eg gitt svar på forskingsspørsmål nummer 2; «*Kva kjenneteiknar innhaldet i dei ulike argumenta?*». Analysen avdekkja fem kategoriar for regulering og tre kategoriar imot regulering. Av dei til saman åtte kategoriane var det kategorien «*kvalitet*» som viste seg å ha sterkest forankring, både når det gjaldt innhald i argument og forankring i det teoretiske rammeverket. Studien viser at for å oppnå kvalitet på eit produkt eller ei teneste, slik som ein guida tur, må dei andre kategoriane vera tilfredsstillande. Det vil sei at sikkerheita må vera ivaretatt, dei useriøse aktørane må lukast vekk, det må leggjast til rette for berekraftige arbeidsforhold og kanskje allemannsretten (i enkelte situasjonar og tilfelle) må utfordrast for å halde tritt med den generelle samfunnsutviklinga – Gesellschaft (Tordsson, 2010). Det vil sei at eg i denne studien har funne det hensiktsmessig å sjå nærmare på ei reguleringsordning for guidar i det naturbaserte reiseliv når det gjeld kvalitet på opplevinga. Innovasjon Norge (2018) synte oss innleiingsvis at kvaliteten scorar lågt i Turistundersøkinga for 2018, då pris og kvalitet på opplevingar ikkje står i samanheng. I tida framover kan guiden bli ein endå viktigare nøkkelperson, som kan leggja til rette for dei gode opplevingane (Mossberg, 2007). Sjølve opplevinga av kvalitet er sjølvkonstruert og individuell, noko som gjer det vanskeleg å måla. Og på bakgrunn av dette er det særstakt viktig at dei andre faktorane (kategoriane) er på plass;

Det er heilt vesentleg at *sikkerheita* er ivaretatt på guida turar, og per i dag ser det ut til at sikkerheita er tilfredsstillande i naturbasert reiseliv. Studien viser at sikkerheit blir brukt som argument for å fremja andre underliggende årsaker, då argument om sikkerheit viser større tyngd samanlikna med «at guiden burde vera ein god formidlar». På ei anna side kan ein sjå føre seg at fleire ulykker kan oppstå, sidan fleire nyttar seg av norsk natur.

Det er i dag eliten som kjenner til og praktiserer friluftsliv i «*allemannsrettens ånd*», fordi seinare generasjonar og utanlandske gjestar nødvendigvis ikkje har den same kunnskapen. I framtida kan det difor bli aktuelt å diskutera i kva grad ein kan akseptera ulykker i norsk natur, for å snakke om null-visjonar kan vera vanskeleg då ein er naud til å akseptera ein viss risiko for å delta i aktivitetar i opplevingsbransjen. Studien viser og at sjølve risikoen burde verksemde opplyse om i større grad, slik at kunden i større grad kan vurdera eigen kompetanse i lys av ansvaret om aktsemd etter Produktkontrollloven (§3, 1976). Dei «*useriøse aktørane*» kan ein få bukt med ved å oppretta gode system som registrerer nye tilbydarar i naturbasert reiseliv. Det burde i same omgang vore større openheit rundt guiden sin kompetanse, kanskje som eit alternativ for mange sertifiserings – og merkeordningar. Då kunne kunden i større grad tatt opplyste val rundt kven dei ynskjer skal guida dei på tur. Samstundes vil eg argumentera for at berekraftige forhold må leggjast til grunn for å oppnå kvalitet på guida tenester. Reiselivsnæringa generelt har eit dårleg rykte når det gjeld arbeidsforhold (NHO Reiseliv, u.å). Det burde utarbeidast ein tariffavtale for opplevingsbransjen og guidar i naturbasert reiseliv. På denne måten kunne ein i større grad tiltrekka seg norsk arbeidskraft, som igjen bidreg til å auka kvaliteten på den lokale natur- og kulturkunnskapen (dei autentiske opplevingane). I desse tilfella er det nødvendigvis ikkje guiden sjølv som er useriøs eller cowboy, men ein arbeidsgjevar som lenar seg på billig utanlandsk arbeidskraft. Under mitt utdanningsløp har eg sett konkrete eksempel på ikke-berekraftige arbeidsforhold, som bidreg til å undergrava kvaliteten på opplevingar Noreg tilbyr.

Det siste, forskingsspørsmål 3. er fylgjande; *Er den pågåande diskusjonen kring reguleringssendingar for guidar i NBR i Noreg ei over-problematisering?* Studien har kartlagt fem kategoriar for regulering og tre kategoriar imot regulering, og eg har konkludert med at det trengs ei reguleringsordning for guidar i NBR når det gjeld kvalitet. Analysearbeidet avdekkja at innhaldet i argumenta kring kvalitet langt på veg er gyldig. For å forbetra kvaliteten må dei andre kategoriane; sikkerheit, useriøse aktørar og berekraftige arbeidsforhold vera ivaretakne. Per i dag står allemannsretten sterkt, men kan bli utfordra dersom det skulle skje fleire ulykker i framtida.

Det vil sei at den pågåande diskusjonen kring reguleringsordningar ikkje er ei overproblematisering, men viktig for å gjera Noreg rusta og førebudd til ei reiseliv i vekst.

